



Voss kommune



Statens vegvesen
Region vest



Politiet v/Voss
Lensmannsdistrikt

Trafikksikringsplan for Voss kommune 2012 – 2015

November 2011 . Revidert januar 2012

Trafikksikringsplanen er utarbeidd i samarbeid med: Voss kommune, Statens vegvesen, region vest, Politiet på Voss og Trygg trafikk

Innhold

Kap		Side
0	Forord	3
1	Visjon og mål	
2	Samandrag	9
3	Presentasjon av kommunen – Voss kommune – Vegnettet i kommunen – Skulestruktur og skulevegar	16
4	Trafikkuhell, trafikkulukker og utryggleik – Regeistrte trafikkulukker i perioden.	20
5	Skulevegar i kommunen	35
6	Framlegg til tiltak og prioritering	65

0. Forord

Plan for trafikksikring i Voss kommune er revisjon av plan som vart utarbeidd for perioden 2003-2006.

Denne planen vart godkjend i kommunestyret den 27.11.2003, sak 0099/03.



Hovudføremål med trafikksikringsarbeidet:

Utfordringa i alt trafikksikringsarbeidet er å redusere tal og omfang og alvorsgrad på trafikkulukker. Det er derfor viktig at ein til ein kvar tid kan sette inn dei mest effektive tiltaka for å nå dette målet. Arbeid med trafikksikring dreiar seg derfor om kartlegging av ulukker og prøve å finne årsaker til ulukkene og sette inn tiltak for å hindre at slike ulukker skjer i framtida. Mykje av arbeidet med trafikksikring dreiar seg derfor om å kunne prioritere tiltak slik at ein får størst mogeleg effekt ut av dei midlar som ein brukar på trafikksikring.

Trafikktryggingsarbeid drivast på ulike nivå, både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Trafikksikringsarbeid på nasjonalt nivå:

Dei nasjonale måla er nedfelt i nasjonal trafikkplan der eit etappemål i nullvisjonen er:

Talet på drepne og hardt skadde skal reduserast med minst ein tredel innan 2020.

Transportpolitikken skal byggje på en visjon om at det ikkje skal førekome ulykker med drepne eller hardt skadde i transportsektoren. Nullvisjonen som grunnlaget for regjeringa sitt arbeid for sikrare transport – vidareførast også i denne planperioden.

Nullvisjonen ble definert slik i NTP 2002-2012: Nullvisjonen betyr at vi skal forebygge tap av liv og helse gjennom å avgrense skadane i de ulykkene vi ikkje klarer å forhindre.

Januar 2010 vart ”Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2010 – 2013” lagt fram. I planen er det lista opp tiltak som er planlagt gjennomført i perioden. Oppgåvene er delt mellom statens vegvesen, politi, helsedirektoratet, utdanningsdirektoratet og Trygg Trafikk. Mange av tiltaka er trafikantretta og rettar seg både mot dei heilt unge og dei eldre. Dette inneber at Trygg Trafikk har fått mykje av oppgåvene som rettar seg mot dei aller yngste, mens vegvesenet har hovudoppgåver saman med politi i samband med tiltak som rettar seg mot dei litt eldre trafikantane. Politiet har oppgåver som i hovudsak er knytt opp mot kontrollar og informasjon til bilistar. I tiltaksdelen i planen skal Vegvesenet stå for dei fysiske tiltaka på vegane, samt for utredning av planarbeid og arbeid med nye retningslinjer.

For å betre tilhøva for bebuarane i sentrale strok: Redusert biltrafikk – auka tiltak for gåande og syklistar. – Generell krav om betre luftkvalitet.

Trafikksikringsarbeid på fylkesnivå:

I og med at fylkeskommunen i 2010 overtok forvaltningsansvar for hovuddelen av det tidlegare riksvegnettet, er oppgåvene for fylket blitt ein god del meir omfattande enn det har vore tidlegare.

Fylkestinget vedtok den 13.10.10 ”Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013”.

Hovudpunkta i handlingsdelen er :

Reduksjon i talet på utforkøyringsulykker og møteulykker og redusering av skadegrad.

Tiltak her er å gjennomføre tiltak etter trafikksikringsinspeksjoner. Her er nemnt tiltak som å sikre sideterreng, eksempelvis skjeringar og fjellveggar med rekkverk samt rydde terreng.

Etablere midtrekkverk for å redusere møteulukker.

Auka innsats for haldningsskapande tiltak.

Tiltak her er fleire kontrollar der ein opplevar mange ulukker, bilbeltekontroll, promillekontroll, fartskontroll osv.

Betre sikring av fotgjengarar.

Fartsregulering i bustadfelt med etablering av humpar. Fartskontrollar. Trafikklys der ÅDT er over 8000 og fartsnivået er høgt. Etablering av gangfelt med godt lys og fartsregulerande tiltak. Etablering av fortau eller gang- og sykkelvegar. Åtferdskontrollar

med informasjon, spesielt retta mot ungdom ved kryssing i gangfelt. Refleksutdeling til dei yngste.

Betre trafikantåtferd

Oppsett av ATK (automatisk trafikk-kontrollpunkt). Målretta fartskontrollar. Ny vurdering av fartsgrensar i tettbygd område. Informasjon og opplæring. Bruk av undervisningsopplegg i den nye Trafikksikringshallen for firma, skuleklassar, køyreskular og liknande

Reduksjon i talet på MC-ulykker

Fartskontrollar, tekniske kontrollar i kombinasjon med informasjon. Opplæring og kursing i regi av lokale MC-klubbar i samarbeid med politi, trygg trafikk osv.

Andre fysiske tiltak som ikkje fell under dei andre (fysiske) tiltaka:

Utbetring av ulykkespunkt der det har vore konsentrasjon av ulukker dei siste åra.

Vegbelysning, både nye anlegg og opprusting av gamle.

Andre utbetringar på veg som tilrettelegging med sykkelfelt, utbetring av kurvar, utbetring av buss-stopp osv.

Trafikktryggingsarbeidet i kommunen

Eit delmål i Fylkeskommunen sin handlingsplan er å få utarbeidd ein eigen trafikksikringsplan for kvar av dei 34 kommunane i Hordaland. Rapporten skal kartleggja ulukkesproblema i kommunen og prioritera dei ulukkesreducerande tiltaka. Både for kommune, politi, vegvesen og andre er det avgjerande å ha godt oversyn over trafikksikringsproblema i kommunen. Berre då er det mogeleg å setja inn rette tiltak som kan betra trafikktryggleiken.

For Voss kommune sin del vart første trafikksikringsplan utarbeidd i 1995 og godkjend i kommunestyret som handlingsplan i 1996, sak 0066/96.

Ny plan vart utarbeidd i 2003 og gjaldt for perioden 2003 til 2007. Revisjon av denne er noko utsett i tid på grunn av stort arbeidspress i kommunalavdelinga.

Føremålet med dei kommunale trafikksikringsplanane er å legge grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Kommunen sitt ansvar for trafikksikring er mangesidig. Ansvaret er dels knytt opp til rolla som veghaldar for kommunale vegar, og ansvar for opplæring i skule og barnehagar og innanfor helsetenesta og miljøretta helsevern.

Trafikksikringsplanen inneheld prioriteringar av fysiske tiltak på eige vegnett, men og prioriteringar på det overordna vegnettet i kommunen. Desse prioriteringane vil vere retningsgjevande for dei kommunale, dei fylkeskommunale og dei statlege trafikksikringstiltaka i kommunane.

Når det gjeld haldningsarbeid innanfor kommunane sitt ansvarsområde vil ein kunne få hjelp, inspirasjon og tilskott frå fylkeskommunen.

I arbeidet med den kommunale trafikksikringsplanane har representantar frå politietaten, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, barnerepresentanten og skulen delteke i arbeidet med planen saman med representantar frå kommunalavdelinga for tekniske tenester. I samband med utarbeiding av tilrettelegging for sykkelbruk i kommunen har og Destinasjon Voss vore deltakar i arbeidet.

I motsetnad til Fylket sitt trafikksikringsarbeide, så er den kommunale planen relativ detaljert med omsyn til kva tiltak som skal gjennomførast. Ein har i planarbeidet skilt mellom dei tiltak som bør kunne gjennomførast i planperioden på 4 år, dei såkalla strakstiltaka, og dei tyngre oppgåvene som er lista opp under investeringstiltaka.

Reguleringsplanar under arbeid langs hovudvegnettet i kommunen.

I *Statens vegvesens Handlingsprogram 2010 – 2013 (2019)* er planlagde tiltak i perioden lista opp for dei forskjellige riks- og europavegane. For Voss kommune sin del, så ser ein at det i perioden er avsett 300 millioner kroner til opparbeiding av strekninga Løne-Skulestadmo og samla 78 mill kr til tiltak i Skulestadmo.

Reguleringsplanarbeidet for strekninga langs E16 mellom Flatekvål og Voss Barneheim er starta opp i oktober 2010 og det er venta ferdig godkjend plan vinter 2011/2012.

Parallelt med planarbeidet i Skulestadmo har ein starta endring av plan for Vangstunnelen, som er en del av Vossapakko, der denne får utløp ca 450 meter nord for Lundarosen der tidlegare utlaup var planlagt. Denne revisjonen vart godkjend sommaren 2011. Sjølve Vangstunnellen vil bli bygd i perioden november 2011 til seinhaust/vinter 2013. Når denne vert teken i bruk, vil mykje sentrum av Voss bli avlasta med nær all gjennomgangstrafikk.

Reguleringsplan for ny Bavallsveg frå E16 mot Ringheim/Gjerde er starta opp og ein tar sikte på at plan for dette prosjektet kan vere klar i løpet av våren 2012. Det er sterkt ønskje å få dette prosjektet gjennomført raskt, slik at ein unngår trafikk på vegar som ikkje er dimensjonert for den trafikkmengda som vil gå på desse vegane etter kvart som det byggjast ut i Bavallen, både med hyttar og utviding av heistilbodet.

Reguleringsplan for strekning langs E16 mellom Sundve skule og Skromle bru vart starta opp sommaren 2011 og er venta godkjend våren 2012. Denne planen inneber at det på strekninga vert opparbeidd gang- og sykkelveg inn mot skulen og at hovudvegen vert heva opp mot ca 1,5 meter for å sikre at denne ikkje vert liggjande under vatn i ekstreme flaumsituasjoner.

Vegvesenet har varsla at dei vil starte reguleringsplan for strekningar langs kommunedelplanen mellom Oppheim og Lundarosen. I første omgang vil dei regulere strekninga mellom Skulestadmo og Tvinde og mellom Oppheim og Humlebrekke.

Langs Riksveg 13 er det i gang planar for kryssing av vegen ved Grove med gang- og sykkelbru, samt vurdering av kryssutbetring ved avkøyrsløse til Fenne.

Tilsvarande er det starta reguleringsplanarbeid på Istad der kryssutbetring er planlagt.

Hausten 2011 starta vegvesenet planarbeid for ny E16 mellom Oppheim og Lundarosen. Første parsell som vert planlagt er mellom Oppheim og Homlebrekke der vegen vert lagt i heilt ny trase i høve til

Tilhøve til andre kommunale planar.

Tilhøve til Kommuneplanen.

I kapittel 13.1, Kommunale vegar og parkområde, under "Andre tiltak 2007-2018 er nemnt at trafikksikringsrapport for Voss kommune skal rullerast i perioden. Med planen som no ligg føre, er intensjonen i kommuneplanen oppfylt.

Tilhøve til Økonomiplan.

Trafikksikringsplanen føreset at det vert gjennomført fleire tiltak i perioden, både trafikantretta tiltak, strakstiltak og investeringstiltak.

Dette føreset at det vert løyvd midlar over budsjetta i perioden 2011-2014. Ein føreslår i planen at det vert løyvd midlar til strakstiltak, kr. 600.000 for kvart av åra 2012 til og med 2015.

På investeringsbudsjett har ein i planen føreslått at i perioden løyvar ca kr 1,6 mill kvart år. Ein vil då få unna dei høgst prioriterte tiltaka innanfor ein rimeleg tidshorisont.

Arealplanar og trafikksikring

Det er eit mål at alle typar kommunale og private arealplanar skal kvalitetssikrast i høve til trafikktryggleik. Mange av trafikksikringsproblema skuldast lite gunstig arealbruk og dårleg/manglande omsyn til trafikksikring i planlegginga. Kommunane er ansvarleg for utarbeiding og godkjenning av arealplanar og byggesakshandsaming, og det er enklare å planlegge trafikksikker arealbruk, enn å innføre trafikksikre løysingar på allereie utbygd areal.

Det vert tilrådd følgjande aktuelle tiltak ovanfor kommunane og dei faginstansar som får arealplanar til høyring:

- Eigne sjekklister til bruk i planprosessen og byggesakshandsaminga
- Ekstern trafikksikringsrevisjon av planframlegg etter modell av Statens vegvesen sitt system
- Kursing av offentlege planetaatar og private konsulentar i TS-kvalitetssikring av arealplanar.

Gruppa som har utarbeidd planen.

Arbeidsgruppa for trafikksikringsplanen.

Trafikksikringsplanen er utarbeidd av ei prosjektgruppe som er sett saman av:

Leiar: Leif Arne Vangsnes, utval for levekår

Voss lensmannskontor, v/Kjell Fester

Destinasjon Voss v/Anne Grethe Bakke (delvis)

Voss kommune, Barnerepresentanten, Oddvar Kvalnes

Voss kommune Ped. ten. v/Karen Ina Holstad/Marit Olaug Haug

Voss kommune, Tekniske tenester v/Jørgen Steensæth

Voss kommune, Tekniske tenester v/Zehra Causevic

Voss kommune, Tekniske tenester v/Jostein Vandaskog

Statens Vegvesen, Region vest, v/Heming Lunestad

Trygg Trafikk, v/Arne Aase

10. november 2011

Statens vegvesen, Region Vest Voss kommune

Lensmannen i Voss Trygg Trafikk

Kap. 1 Visjon og målsetting

Visjon

Visjonen for trafikksikringsarbeid i Voss kommune er 0-visjonen. Dette inneber at ein kommunen skal ha 0 drepne og ulukkene skal reduserast kraftig frå dagens nivå.

Ein veit at dei samfunnsmessige kostnader med drepne og skadde i trafikkulukker er enorme. For kvart liv som går tapt er dei samfunnsøkonomiske kostnadene rekna til godt over 20 mill kr. I tillegg kjem dei samfunnsøkonomiske kostnadane med alle dei skadde i trafikken.

Målsetting.

Ein skal i størst mogeleg grad leggje til rette for trygge og gode gang- og sykkelvegforbindingar i kommunen, slik at ein i større grad kan gå eller sykle til og frå arbeid og skule. Ein vil slik spare miljø og styrke folkehelsa.

Hovudmål:

1. Redusere risiko og tal på trafikkulukker ved å fokusere på trafikksikringsarbeid og gjennomfør tiltak i tråd med plan for trafikksikring i kommunen.
2. Styrke arbeid i skuler og barnehagar med tidleg læring om trygg åtferd i trafikken.
3. Sterkt fokus på haldningsskapande tiltak i samfunnet.

Delmål

Delmål til hovudmål 1.

Gjennomføre investeringstiltak og strakstiltak i tråd med planen. I og med at 75% av alle ulukkene og mest alle alvorlege ulukker skjer på hovudvegnettet, E16 og Rv13, er det naturleg at fokus rettast mot dei tiltak som er knytt til desse vegane.

Delmål til hovudmål 2.

Arbeid med Handlingsplan for trafikkundervisning i skuler og barnehager. Samarbeid med Trygg trafikk og politiet.

Delmål til hovudmål 3.

Dei aller fleste ulukkene som skjer er på grunn av menneskelege feil. Dette kan vere uoppmerksom, at ein er søvnnig, at ein ikkje tilpassar fart etter tilhøve eller ein er oppteken av andre ting enn å konsentrere seg om vegen.

Det er viktig at ein innrettar haldningsskapande tiltak slik at ein kan redusere ulukker på grunn av ovannemnde. Av fysiske tiltak som bør gjennomførast parallelt er å tilretteleggje kvileplassar både for langtransportørar og for personbilførarar.

Kap. 2: Samandrag

Som eit ledd i å redusera talet på trafikkulukker i Hordaland fylke og spesielt for Voss kommune vart det i 1995 utarbeidd ein trafikksikringsrapport for Voss kommune. Det er vedteke å revidere rapporten med om lag 4 års intervall. I 2003 vart denne revidert og fekk då status som handlingsplan.

I vedtak 104/09 i Formannskap/ plan og økonomi den 05.11.2009 vart det vedteke at planen skulle rullerast og inngå i kommuneplanen for perioden 2011 – 2022.

I samband med revisjonen som no ligg føre i form av denne planen, vart det nedsett ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå Statens vegvesen Hordaland, Voss kommune, representantar frå skulane, barnerepresentanten i kommunen, destinasjon Voss, Trygg Trafikk og politiet. Arbeidsgruppa har arbeidd seg fram til ei prioritert liste over tiltak som vil redusera trafikkulukkene i kommunen.

Utgangspunktet for prioriteringane er registrering av:

- Trafikkulukker med personskaade og dødsulukker.
- Kommunen sine egne registreringar over ”problemområde”.
- Stader der innbyggjarane i kommunen kjenner seg utrygge

I store trekk samstemmar kommunen sine hovudpunkt for handlingsdelen Hordaland fylke sin Handlingsplan.

Denne planen har i stor grad fokusert på dei mjuke trafikantane sin tryggleik. Særskilt ønskjer ein å tilretteleggja auka bruk av sykkel til skule, til arbeidsplassar og til fritidsaktivitetar. Det er då viktig at ein kan krysse hovudvegnettet i planskilde kryss. Vidare vil ein føreslå redusert fartsgrense på Vangen og avsetje meir plass til dei syklende.

I 5-års-perioden 2000 - 2004 er det registrert 128 trafikkulukker med personskaade i Voss kommune. 174 personar er skadde og 6 er drepne i desse ulukkene. I 5-års-perioden 2005 - 2009 er det registrert 101 trafikkulukker med personskaade i Voss kommune. 140 personar er skadde og 5 er drepne i desse ulukkene. Med andre ord ser ein klar nedgang, både i tal ulukker og tal på skadde personar frå første 5-års periode til andre 5-årsperiode.

I heile 10-årsperioden er det 11 drepne i trafikken. Av desse er 7 drepne på E16, 3 på Rv 13 og 1 på kommunal veg. Ulukka på kommunal veg skjedde i kryss mellom Liavegen og Brynalli på Palmafossen.

Av kartmateriell ser ein at ein har fått ein kraftig reduksjon av alvorlege ulukker langs E16. Det er samtidig nedgang i tal på ulukker med omkomne på E16 frå 6 i første periode til 3 i siste.

Av tidlegare talmateriale veit ein at det årlege talet på trafikkuhell med berre materielle skadar ligg på mellom 300 og 400 pr år i kommunen.

I kapittel 4 har ein peikt på dei største problem kommunen har med omsyn til trafikktryggleiken og ein har skissert framlegg til løysing i kap. 5. Når det gjeld dei alvorlegaste ulykkene, så skjer mesteparten av desse på riks- og europavegar, på E16 og på Rv13.

I kapittel 4 har ein ut frå bakgrunns materialet funne ut at ein har ein del uløyste problem spesielt langs riks- og europavegane, men og langs dei fylkeskommunale og kommunale vegane i kommunen.

Spesielt på E16 har ein i den perioden som er vurdert, 2000-2009, registrert at det etter måten er mange som køyrar ut av eigen køyrefil, og anten køyrar ut på høgre side av vegen eller kryssar midtlinje og møtar motgåande køyretøy eller kryssar motgåande køyrefil og køyrar ut på venstre side av vegen. For å redusere desse ulukkene er det relativt tunge investeringstiltak som må til, midtdelar/breitt midtfelt og betre utforma kurvar og breiare skuldrer.

Ved analysere av talmaterialet for ulukker med alvorlege konsekvensar eller der ulukker med drepne ser ein følgjande for riks- og europavegane i kommunen (E16 og Rv13):

*60 % av alle **alvorlege** ulukker skuldast at køyretøy kryssar midtlinja på vegen.*

*62% av alle **ulukker med drepne** skuldast at køyretøy kryssar midlinja på vegen.*

*Vidare ser ein at i ti-årsperioden er **3/4 av alle ulukkene skjedd på riks- og europavegane**. Det er og dei mest alvorlege ulukkene som skjer her, hovudsakleg på grunn av at det er større fart på desse vegane enn på fylkes- og kommunalvegar.*

2.1 Samla vurdering av tiltak som bør gjennomførast for å betre trafikktryggleiken i kommunen.

I kapittel 4.5 har ein lista opp generelle retningslinjer for tiltak som bør gjennomførast for å betre trafikktryggleiken. Dette gjeld både fysiske tiltak og haldningsskapande/trafikanretta tiltak.

For å kome fram til ei endeleg prioriteringsliste over konkrete tiltak, sjå kap 5, så har prosjektgruppa vurdert dei stadene der det har skjedd flest trafikkulukker og trafikkuhell samt dei stadane der ein registrerar trong for utbetringar for å hindre framtidige ulukker. I tillegg har ein så vurdert dei stadane der innbyggjarane i kommunen føler seg mest utrygge.

Problemlista som er vist i kap 4.5 er lagt til grunn ved prioritering og konkretisering av tiltak, slik at ein oppnår tilsikta måloppnåing.

Prioriteringslistene er delte i trafikantretta tiltak og fysiske tiltak.

Særlege tiltak retta mot unge bilførarar er spesielt viktig i Voss kommune. Voss kommune registrerte i førre trafikksikringsplan at ein for aldersgruppa 16-20 år nær 40 % høgare ulukkesfrekvens enn gjennomsnittet for fylket.

Unge bilførarar/mopedistar

Dei fleste ulukker med unge bilførarar og motorsyklistar (mopedistar) har samband med manglande køyreerfaring. Det er difor viktig å satse på tiltak som auka mengdetrening og ulike haldnings og åtferdskampanjar. I tillegg må det satsast på betre etterutdanning av køyrelærarar.

Voss kommune har utarbeidd handlingsplan/rammeplan for trafikkundervisning for barn i grunnskulen. Denne vart ferdig juni 2000. Det er viktig at denne vert rullert og oppdatert med jamne mellomrom.

Vegvesenet har dei siste åra arrangert fleire oppfriskningskurs for eldre bilførarar.

2.3 Fysiske tiltak - Investeringstiltak

I lista over alle prioriterte investeringstiltaka, har er aktuell prosjekt prioritert i rekkefølge. Lista er utarbeidd på grunnlag av samla prioritering på grunnlag av uhell, ulukker og utryggkjensle, samt mål om at ein skal kome seg trygt fram i trafikken og at publikum skal kunne nytte sykkel framfor å nytte bil i forbindelse med nyttekøyring. I tillegg er lista tillagt prosjekt som er samla inn på annan måte.

Det er uvisst når ein kan få finansiert dei ulike prosjekta, spesielt på grunn av at finansiering av tiltak langs hovudvegnettet er knytt opp mot vegvesenet si prioritering for bruk av desse midlane på landsplan. Det er og avhengig av kva midlar som vert sett av i stats-, fylkes- og kommunebudsjett.

Ved prioritering av fysiske tiltak, har ein vurdert det slik at ein skal ha ein prioritert liste, men denne må ikkje å følgjast slavisk. I og med at dei ulike tiltaka må finansierast på ulike måtar, vil tilgang til finansiering vere avgjerande for når prosjekta kan gjennomførast. Det kan og vere andre grunnar til at eit prosjekt bør gjennomførast før andre som er høgare prioritert. Dette kan vere på grunn av økonomiske tilhøve.

Investerings tiltak prioriterte på samtlege vegkategoriar:

I samband med utarbeiding av trafikksikringsplan for kommunen har ein hatt fleire møte der representantar frå Trygg Trafikk, vegvesenet, politiet og kommunen har delteke. Leiar av gruppa har vore Leif Arne Vangnes. Gruppa har vore på synfaring til dei aller fleste aktuelle tiltak, både strakstiltak og investeringstiltak. I planen har ein skild mellom tiltak som er på riksvegar, på fylkesvegar og på kommunale vegar. Dette skuldast at tiltaka har forskjellig finansieringskjeldar. I oversikta under har ein lista opp ei samla prioritering for tiltak på samtlege vegkategoriar i kommunen.

Kommunen har følgjande samla prioritering for trafikksikringsarbeid (investeringstiltak):

<i>Pri*</i>	<i>Prosjekt</i>
1	<i>Gang- og sykkelkulvert under jernbane i Ringheimsvegen (Fv)</i>
2	<i>Bru ved avkøyrsløp til Grove og Bjørgum (Rv13)</i>
3	<i>Gang- og sykkelkulvert i Lundarosen under Strandavegen (E16)</i>
4	<i>Gang- og sykkelkulvert i Svelgane ved grense mellom Voss og Granvin (E16)</i>
5	<i>Gang- og sykkelkulvert (2stk) i samband med opparbeiding av vegsystem i Skulestadmo (E16)</i>
6	<i>Gang- og sykkelkulvert under Rv13 mellom Tvildemoen og Tvilde (Rv13)</i>
7	<i>Gang- og sykkelveg mellom Brynagjelet og jernbaneundergang på Bryn (Rv13)</i>
8	<i>Gang- og sykkelveg mellom Handelshuset og Brynagjelet (Rv13)</i>
9	<i>Kryssutbetring i Ringheimsvegen/Sivlevegen (Fv)</i>
10	<i>Fortau langs Bordalsvegen mellom Haugamoen og Nedre Storehagen (Fv)</i>
11*	<i>Omlegging av fylkesveg på Nedre Kyte (Fv)</i>
12	<i>Kulvert under E16 ved Sundve skule (E16)</i>

* Prioritering av prosjekta kan verte endra i planperioden dersom tilhøva endrar seg.

- Vegvesenet har reservert seg mot å prioritere prosjekt med omlegging av veg på nedre Kyte då dei meiner at andre prosjekt bør prioriterast høgare.

I kapittel 5 er prioriteringane fordelte på dei ulike vegkategoriane.

I tillegg har ein prioritert ca 120 strakstiltak som ein tar sikte på å gjennomføre i løpet av 3-4 år. Dette føresett at det vert avsett

tilstrekkeleg med midlar i kommunen sin økonomiplan/budsjett og likeeins i fylkeskommunale og statlege budsjett.

Tiltaka i *straksrlista* omfattar både tiltak som skal gjennomførast i kommunal regi og tiltak som skal gjennomførast av Statens vegvesen. Liste over strakstiltak går fram av tabell i kap. 6.2, s. 70.

2.4 Fysiske tiltak - Strakstiltak

I kapittel 5.2 har ein lista opp ca 125 ulike stakstiltak. Dette er i hovudsak konkrete tiltak som skal kunne gjennomførast ved relativt mindre kostnader.

I kapittel 4.2 under oppsummering sist kapittelet har ein på bakgrunn av registrerte ulukker på alle vegkategoriar føreslått tiltak som ein bør gjennomføre relativt raskt for å få størst mogeleg sikre vegar på kort tid. I og med at dei fleste og dei mest alvorlege ulukkene skjer på riksvegnettet, på E16 og på Rv13, så er det naturleg at ein rettar fokus mot tiltak som bør gjennomførast her.

Her vil vi ta opp dei moment som ein meiner vil ha størst effekt på kort tid:

E16 mot Bergen:

På denne strekninga har ein registrert dei fleste alvorlege ulukkene. Mange ulukker skuldast at køyretøy kryssar midtstripa og køyrar utfor eller møter motgåande køyretøy. Det har i den siste tid vore mange ulukker i tunnelar.

Tiltak på E16 –Voss mot Bergen:

- *Måle dosering (tverrfall) på veg, spesielt gjennom kurvar og i tunnelar. Dersom det er stort mistilhøve mellom dosering i høve til den dosering veggen skulle hatt, må fartsgrensa setjast ned straks.*
- *Måling av siktlengder gjennom kurvar, både i dagen og i tunnelar. Dersom siktlengde er kortare enn krava, skal fartsgrense setjast ned inntil ein har betra tilhøva.*
- *Gjennomgang og måling av faktisk kurveradier med tanke på å avdekke feil i prosjektering av veggen.*
- *Etablere midtdelar der det er fysisk mogeleg.*
- *Sinusfresing (fresing av asfalt) mellom køyrebanane og mot skulder.*

E16 mot Sogn grense:

På strekninga har ein registrert relativt mange påkøyring bakfrå. I tillegg har ein hatt mange utforkøyringar, spesielt med vogntog.

Påkøyring bakfrå kan skuldast at ein har få kanaliserte avkøyringar frå hovudvegen. Eit anna moment er at busshaldeplassar er dårleg opparbeidd slik at buss vert ståande i vegbanen.

Utforkøyring av større trailerar skuldast dårleg med rekkverk kombinert med manglande skuldrer.

Tiltak på E16 –Voss mot Sogn grense:

- Etablere meir rekkverk og forsterke/utvide skuldrer.
- Etablere normerte busslommar der desse er i bruk.
- Etablere forbikøringslommar der avkøyrsløva er dårlege. Sikre god sikt ved avkøyrsløva.
- Rassikring mellom tunnelene ved Stalheim og i Nærøydalen.
- Nedsett fartsgrense på ein del parti langs vegen.

Tiltak på Rv13:

- Etablere gang- og sykkelveg langs vegen mellom Palmafossen retning Brynagjelet og vidare mot Vangen.
- Etablere gang- og sykkelbru på Bjørgum samt utbedre kryss til Fennavegen.
- Standardheving av vegen mellom Bjørgum og Mønshaug.


Tiltak på Fylkesvegar og kommunevegar:

Standarden på desse vegane utanom sentrum er gjennomgåande dårlege. Dei er smale, bratte og uoversiktlege. Dei fleste burde for lengst vore oppgraderte. Vedlikehaldet har store etterslep. Mens ein i perioden har hatt positiv utvikling med omsyn til trafikkulukker på dei kommunale vegane, så har ein dessverre ikkje sett det same på fylkesvegane.

Tiltak:

- Standardheving – dekkebetring og vegutviding.
- Utbetring av geometri.
- Sikre betre sikt langs vegane og i kryss.
- Meir vegbelysning.
- Vurdere nedsett fart på ein del vegar.

Kap. 3: Presentasjon av kommunen



3.1 Voss kommune

Voss kommune ligg nordaust i Hordaland fylke, der Vossavassdraget er ein viktig del av landskapet, og der store og små dalar lager eit karakteristisk og mangfaldig landskap.

Voss er ein av dei store kommunane i landet med sine 1815 km². Kommunen strekkjer seg frå Bolstadfjorden til fjellområde meir enn 1.400 m.o.h.

Knappe 14 000 menneske bur i kommunen. Halvparten held til i Voss sentrum, Vossevangen og i "forstadene" Skulestadmo og Palmafossen. Små tettstader finn ein og på Bolstadøyri, Evanger, Vinje og Oppheim, medan busetnaden elles er spreidd i dei mange dalføra.

Heilt fram til 1800-talet var jordbruket den einaste næringsvegen på Voss, og framleis er landbruket ei av dei aller viktigaste næringsgreinene i bygda.

I løpet av det siste hundreår har ei rekkje andre næringsgreiner vakse fram. Industri, handel og turisme gir arbeid til store deler av dei som

bur i kommunen. Skuleverket er også ein stor arbeidsplass. Store omstruktureringar innanfor det offentlege har medført og medfører framleis til tap av arbeidsplassar. Ein kan her nemne forsvaret,

Voss kommune er stor i forhold til tal på innbyggjarar. Mykje av kommunen består av høge fjell og djupe dalar.



postverket, NSB, sorenskrivarembetet osv.

Kommunen har gode kommunikasjonar med andre delar av regionen og resten av landet. Bergensbanen går over Voss, der Voss vert eit hovudknutepunkt mot regionen rundt.

E16 går gjennom kommunen og bind aust og vest saman. Med ny Lærdalstunell som no står ferdig, har ein gode samband mot indre Sogn og god heilårsveg til austlandet. Med ny Hardangerbru vil ein sannsynlegvis få auke i trafikken gjennom Voss kommune. Vossapakko medfører at ein får ny veg frå Øvre Granvin til Voss grense og ny veg mellom Mønshaug og Palmafossen i tillegg til Vangstunnelen. Alle desse prosjekta vil lette framkommeligheita i kommunen langs hovudnett. Nye planar for Skulestadmo og kommunedelplanar med påfølgande reguleringsplanar for strekninga mellom Oppheim og Skulestadmo inneber at vegsystemet på sikt vil få betre standard på desse strekningane.

3.2 Vegnettet i kommunen

Voss kommune har relativt stort vegnett som i hovudsak skuldast den spreidde busetnaden. Den totale lengda av kommunale vegar er omlag 235 km. Dei fleste er vegar i distriktet med relativ liten trafikkmengd. Europavegen gjennom Voss kommune, E16, har ei lengd på vel 70 km innanfor kommunegrensane. Andre riksvegar er RV 13 med omlag 34 km, samt fylkesvegar på til saman ca. 150 km.

Hovudmengd av trafikken er knytt til sentrumsnære gater, til europavegen og elles på hovudvegnettet.

På døgnbasis passerer ca 15.000 bilar gjennom Vangen. Hovudvekta av dette er lokaltrafikk til og frå Vangen, samt lokaltrafikk inne i sentrum.

Uttrågata har mest trafikk med omlag 7.700 køyretøy i døgeret (ÅDT). Elles har ein stor trafikk på alle tilkomstvegar inn til sentrum. Av dei kommunale vegane som er sterkast belasta har ein Vangsgata med ÅDT på 5.500, Gullfjordungsvegen med ÅDT på 4.000, Ringheimsvegen med 3.800, Sivlesvegen med 1.300 og Hardangervegen med ca 5.000.

Vegstandarden er variabel på dei kommunale vegane. 40% av vegane er utan fast dekke. Breidd av dei fleste kommunale vegar utanfor sentrum er omlag 3 meter. I nye byggjefelt og i sentrum er vegbreidda på 5 meter eller meir. Fylkesvegane har ein gjennomsnittleg breidd på i overkant av 4,5 meter, men breidd av desse vil variere ein del avhengig av om ein er i sentrum eller ut i distrikta.

Samanlikna med andre kommunar i fylket har Voss relativ mange km med kommunale vegar og fylkesvegar.

Riksvegar og europavegar i kommunen:

E16 frå Bergen til Oslo går gjennom store delar av kommunen. Som del av "Vossapakko" vert E16 lagt i tunnel forbi Vossevangen i løpet av 2013. Vossopakko inneheld i tillegg også ny tunnell mellom Øvre Granvin og Skjervet (Svelgane) og strekning mellom Mønshaug og Palmafossen på Rv13. I tillegg til dette eit mindre prosjekt i Vaksdal kommune og midlar til utbetring av eksisterande E16 gjennom Voss sentrum.

Opprustinga av Rv13 og bygging av Hardangerbrua kan føre til auka aust-vest trafikk over Hardangervidda via Voss, og gjere Voss til eit endå viktigare knutepunkt.

Det er vedteken kommunedelplan for utbetring/omlegging av E16 på strekninga mellom Oppheim og Lundarosen. Ein må arbeide for finansiering (NTP) og gjennomføring av denne strekninga i planperioden. Det er starta opp reguleringsplanar for strekninga hausten 2011. På strekninga mellom Sundve og Skromle er det i tillegg starta opp reguleringsplanarbeid med heving av riksvegen og etablering av parallell gang- og sykkelveg.

Voss kommune vil arbeide for at sikker **heilårsveg til Vik**, evt med ny tunnel, og dette vert prioritert.

Rassikring langs E16, mellom anna i Nærøydalen og langs E16 mot Bergen, må prioriterast høgt i planperioden for å sikre trygg ferdsel og open veg. Vidare må ein fokusere på utbetring av dårleg kurvatur,

farlege tunnelar og manglande vegskulder frå Bulken til Vaksdal grense.

Ein må vurdere trongen for trafikksikringstiltak og utbetring av flaskehalsar som fylgje av store utbyggingar av fritidsbustader og skianlegg, særleg i Myrkdalen og Bavallen. Ein må også ta omsyn til kapasiteten på vegnettet ved planlegging av store utbyggingar. God utforming av kryss/rundkøyningar er viktig. Det er viktig at reguleringsplanar for strekninga Oppheim-Lundarosen vert sett igang straks for å få oppgradert strekninga før det vert auke i trafikken på grunn av dei store utbyggingsplanane i Myrkdalen. Det same gjeld for ny veg til Bavallen der det skal etablerast ca 600 ny hyttar i åra frametter. Plan for nedre del av denne vegen vert starta opp hausten 2011. Plan for øvre del av Bavallsvegen vart godkjend i 2009.

Det bør leggjast betre til rette for turistar og langtransportnæringa med gode raste- og kvileplassar. Ein bør rydde fritt utsyn til vassdrag og kulturlandskap langs vegen. Det er også viktig at ein legg til rette for sykkeltrafikk langs hovudvegane, både med hensyn til turtrafikk og nyttetrafikk, arbeidsreiser og skuleborn. Dette er element som ein bør ta med seg i nye planar for E16.

Innafor Voss kommune har ein følgjande fylkesvegar:

FV 306 Bjørgum - Fenne
FV 307 Raundalen
FV 308 Ygre - Nordheim - Kløve
FV 309 Tvinde – Nordheim – Skulestadmo
FV 310 Bordalen
FV 311 Vikjavegen
FV 312 Djukastein – Bulken – Vestbygdi
FV 313 Teigdalen
FV 314 Bulken - Hamlagrø
FV 315 Voss – Mølster – Skulestadmo – Bavallen
FV 317 Vasstronde

Kommunale vegar:

Voss kommune har eit omfattande kommunalt vegnett:

240 km kommunal veg
135 km asfalt/oljegrus
105 km grusdekke

6 km gang- og sykkelvegar
106 bruer, spenn opp til 100 m
6 tunnelar (Jordalen, Bordalen, Hernes)

Det kommunale vegnettet har gjennomgåande svært dårleg tilstand. I 2009 vart vedlikehaldsetterslepet i Voss kommune rekna til mellom 250 og 350 mill. kroner.

Dette skuldast auka trafikk saman med langvarig underfinansiering av vedlikehaldet, særleg til reasfaltering.

Voss kommune har meir enn dobbelt så mange km kommunal veg pr innbyggjar samanlikna med landsgjennomsnittet. Dette har medverka til at ressursbruken pr løpemetar kommunal veg har vore svært låg over mange år. Problemstillinga kring manglande ressursar kan løysast anten gjennom auka løyvingar til vedlikehald eller at ein går inn i ein prosess der ein reduserer tal km kommunal veg ved at vegar privatiserast eller at fylket tar over delar av det kommunale vegnettet.

Skulestruktur

Voss har ein desentralisert grunnskule, og dette er rekna som eit viktig distriktpolitisk verkemiddel i kommunen. Nærmiljøa/grendene samsvarar i stor grad med grunnskulekrinsane.

I løpet av dei siste 10 åra har to grunnskolar blitt lagt ned, Myrkdalen og Urdland skule.

I dag har Voss 11 reine barneskular, 2 kombinerte barne- og ungdomsskular, ein rein ungdomsskule og ein institusjonsskule. Dei samla elevtala i grunnskulen med ungdomsskule er ca 1770 og for vidaregåande skular er elevtalet på ca 1400.

Etter den nye skulereforma vart sett ut i livet skuleåret 1994/95 fekk ein ei auke i talet på skulebarn på grunn av 6-års-reformen.

På grunn av spreidd busetnad og smale og trafikkfarlege vegar har fleire born fri skuleskyss.

Samlokalisering av dei vidaregåande skulane på Voss vil innebere at ein om få år berre har to vidaregåande skular på Voss, Voss gymnas og Voss jordbruksskule. Dei vidaregåande skulane i Gullfjordungen (Husflidskulen), på Rogne, Vatile og på Bryn (mekanisk linje) vert lagt ned.

SKULESTRUKTUR

Reine grunnskular:	11
Komb. grunnsk/ungd.sk.	2
Ungdomsskule	1
Tal på elevar i grunnskule:	1807
Tal på vidaregåande skular:	6
Tal på elevar i vidaregåande skule:	ca 1400

Skuleveg

På grunn av at mange elevar har lang og farleg skuleveg, får mange fri skuleskyss, spesielt på 1.-4. klassetrinn. Det er eit mål å leggje til rette

for at flest mogeleg av elevane kan få trygg skuleveg slik at fleire kan gå eller sykle til skulen.

Kap. 4: Trafikkuhell, trafikkulukker og utryggleik – Regeistrte trafikkulukker i perioden.

4.1 GRUNNLAG FOR PRIORITERING AV TILTAK

Utgangspunktet for prioritering av trafikksikringstiltak er registreringar av:

- Trafikkuhell med materielle skader.
- Trafikkulukker med personskade.
- Stader der innbyggjarane i kommunen kjenner seg utrygge.
- Område/stader der kommunen/vegvesenet har kartlagt problem.

For å kome fram til ei endeleg prioriteringsliste over tiltak, har prosjektgruppa vurdert dei stadene der det har skjedd flest trafikkulukker og stader der ein får melding om eller opplever at det er utrygt, og ein har også vurdert dei stadane der innbyggjarane i kommunen føler seg mest utrygge.

Prioriteringslistene er delte i trafikantretta tiltak og fysiske tiltak. Det vert i registreringsarbeidet skilt mellom trafikkuhell og trafikkulukker. Det er viktig at ein er kjend med forskjellen mellom desse to omgrepa.

I eit trafikkuhell oppstår berre materielle skader, i motsetnad til ei trafikkulukke der ein i tillegg har personskade/dødsfall. Ofte kan resultatet etter eit uhell vere nærmast bagatelmessig, som mindre bulk i skjerm eller dør eller liknande. Det er likevel viktig å registrere uhell, då fleire av uhella kan vise seg å skuldast dårleg trafikktekniske løysingar som ein lett kan endre på. Det er ofte marginale skilnader mellom eit uhell og ei ulukke. Uhella og ulukkene i trafikken representerer dessutan samla store kostnader for samfunnet.

Trafikkuhell

På grunn av at det er mange skader som skjer kvart år i kommunen, har ein i revisjon av trafikksikringsplanen ikkje gått spesielt inn på å registrere og analysere trafikkuhell dei siste åra. Omfanget av ei slik analyse er for stor til at ein ser dette som riktig tidbruk.

I staden har ein støtta seg til dei analysane som vart utført i den førre planen. Ein tok her føre seg alle uhella som oppsto i 1999 og 2000, til saman 604 uhell.


På Vangen vart det registrert mange uhell (materielle skadar på køyretøy) på parkeringsplassar. Dette skuldast forskjellige tilhøve, men ein bør her sjå på om avsett plass til kvar bil i nokre høve er for liten. Elles har ein registrert trafikkuhell med materielle skadar som skuldast påkøyring bakanifrå. Mange av desse uhella skuldast lite merksemd.



Trafikkulukker

Periode 1990-2009:

Av figuren under som viser skadeutvikling frå 1990 til 2009 ser vi at vi hadde ein markant auke i talet på ulukker i samband med opning av E16 mellom Voss og Bergen i 1992. Talet på ulukker held seg på eit jamt nivå fram til 1995, for så over 2-3 år å vise ein klar nedgang. I 1999 har vi så igjen registrert ei markant auke igjen, frå 21 ulukker til 37 ulukker. I 2000 kom vi ned til om lag same nivå som ein hadde mellom 1992 til 1995, men over det som er registrert i åra 1996-1998. Fram til 2003 har vi hatt jamn stigning i talet på ulukker og meir enn det som trafikkauken skulle tilsei. Rett nok hadde ein opning av Lærdalstunnelen i 2000 og denne har ført til sterk auke av tungtrafikk gjennom Voss.



Vegvesenet har dei siste åra gjennomført fleire tiltak som heilt klart har vore med å redusere ulukkestalet på E16. Mellom anna fleire fotoboksar, sterkare markering av kantlinjar og midtstripe med raslestripar som varslar førar når han er kome ut av køyrefeltet og det er føreteke nedskilting av fart på fleire strekningar langs europavegen.

4.2 Nærmare analyse av trafikkulukker dei siste 10 åra, 2000-2009

I talmateriale ein har for trafikkulukker, så er dette delt opp i to 5-årsperiodar 2000 – 2004 og perioden 2005-2009. Av talmaterialet ser ein at ein i siste periode har hatt nedgang i trafikkulukker på alle vegkategoriar i kommunen bortsett frå fylkesvegar der ein har hatt om lag same tal i begge periodane. Størst nedgang ser ein på dei kommunale vegane der ulukkene har gått frå 18 til 7, ein nedgang på over 60%. På europavegen og på riksveg 13 har vi i perioden hatt nedgang på 22-23 %. Dette er svært positivt når ein veit at trafikkmengda har auka jamt år for år.

Spesielt dei siste 7-8 åra har det frå vegvesenet sin side vore fokusert på fysiske tiltak langs riks- og europavegane for å få ned ulukkestala.

Av talmaterialet ser ein vidare at i ti-årsperioden har 62% av alle ulukkene i kommunen skjedd på E16 og 14 % på Rv13. Tilsvarende for fylkesvegar og kommunalvegar med 13% og 11%. Med andre ord er ¾ av alle ulukkene skjedd på riks- og europavegane. Det er og dei mest alvorlege ulukkene som skjer her, hovudsakleg på grunn av at det er større fart på desse vegane enn på fylkes- og kommunalvegar.

Ein ser av talmateriale:

Skadeomfang ved trafikkulukker i kommunen					
	Tal på drepne	Tal på mykje alvorleg skada	Tal på alvorleg skada	Tal på lettare skada	Sum drepne/ skada
2000-2004	6	1	17	156	174
2005-2009	5	0	14	126	140


Tabellen ovanfor viser tal på personar som er skadd i trafikken, ikkje tal på ulukker. I kvar ulukke vil ofte fleire personar vere involvert med skadar. Ei dødsulukke i siste periode enda mellom anna med 3 drepne. I tabellen under ser ein tal på ulukker der ein eller fleire køyretøy kan vere involverte. Nokre av ulukkene har skjedd på private vegar, skogsvegar og utfartsvegar til friområde.

Skadeomfang ved trafikkulukker i kommunen					
	Tal på ulukker med drepne	Tal på ulukker med mykje alvorleg skada	Tal på ulukker med alvorleg skada	Tal på ulukker med lettare skada	Sum ulukker med drepne/ skada
2000-2004	6	1	13	108	128

Trafikksikringsplan for Voss kommune 2012-2015

2005- 2009	3	0	11	87	101
---------------	---	---	----	----	-----


Av diagrammet under ser ein utviklinga på dei forskjellige vegkategoriane frå perioden 2000-2004 samanlikna med perioden 2005-2009.



Figuren over viser jamt over ei positiv utvikling av ulukkestala i 10-års-perioden mellom 2000-2009. Ein merkar seg at ein registrerar nedgang på alle vegkategoriar bortsett frå på fylkesvegane.

Dersom ein studerar på kva årsak ulukkene hadde i perioden, ser ein at for ein del ulukker, så er det ein markant nedgang for ein del type ulukker. Spesielt er det stor nedgang, om lag halvering, for ulukker knytt til møting i kurve. Utforkøyningar har og samla sett gått noko ned.





For nokre av ulukkestypeane ser ein klar nedgang. Særleg ser ein nedgang for utforkøyningar og møting i kurve. Påkøring bakfra har ikkje endra seg. Ein merkar seg at det er markant auke med ulukker der fotgjengarar kryssar vegen i gangfelt utanfor kryss, frå ei ulukke i første periode til 5 i andre periode.

At ein har fått færre ulukker i siste periode til tross for at trafikkmengda har auka er positivt. Ulukkene oppstår hovudsakleg på riks- og europavegane og spesielt ser det ut til at tiltak langs E16 har vore vellukka. Ein kan nemne at frå 2002/2003 har fleire strekningar langs E16 fått nedsett fartsgrense og parallelt har ein markert kantlinjer og midtlinje i vegen kraftigare med ”raslestripar”, slik at førar merkar tydeleg når han passerar desse. Dette kan vere ei av årsaka til at ein har færre utforkøyningar og færre front mot front. Ein registrerar imidlertid at nedgangen i denne type ulukker er like stor nord for sentrum som på europavegen mot vest, så eigentleg er det vanskeleg å trekkje klare slutningar her. Kanskje ligg ein del av forklaringa i betre og tryggare bilar og effekt av haldningsskapande tiltak.

Kommentarar til dei forskjellige ulukkestypeane:

- *Enslig kjøretøy kjørte utfor på høyre side på rett vegstrekning*
Nedgang på 3, frå 11 til 8. I første periode hadde ein 8 ulukker på E16 og i andre periode kun to ulukker på E16, resten på andre vegkategoriar, deriblant 2 på private vegar.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: Auke vegbreidd- skuldrer. Oppsett av rekkverk. Kontroll av mobiltelefonbruk.

Trailervelt ved Melsvatnet.
Rekkverk?



- *Einsleg kjøretøy kjørte utfor på venstre side på rett vegstrekning*

Auke på 3 frå første til andre periode. Av talmaterialet ser ein at ein i første periode hadde 4 av dei 6 ulukkene på E16 og i andre periode hadde 6 av dei 9 på E16. Av dei 6 i siste periode var 4 vest for Voss sentrum, ei i sentrum og ei ulukke nord for sentrum.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: *Midtfelt (sinusfelt). Midtrekkverk. Kraftig markert skiljelinje. Fartsregulering. Fartskontroll.*

- *Einsleg kjøretøy kjørte utfor på høyre side i venstrekurve*

Kraftig nedgang frå 18 i første periode til 7 i andre periode. Av dei 18 i første periode er 12 registrerte på E16, mens 5 av dei 7 i siste periode er registrert på E16.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: *Betre veg. Sikre og flate ut siderreng,. Breiare skuldrer. Kraftig markering av køyrefelt (sinusfelt). Fartsregulering. Fartskontroll.*

- *Einseig kjøretøy kjørte utfor på venstre side i høyrekurve*

Auke frå 8 til 12. Av dei 8 i første periode er 4 på E16 og tre av desse er nord for sentrum. Av dei 12 i siste periode er 10 registrert på E16 og halvparten er registrert nord for sentrum og halvparten sør for sentrum.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: *Midtrekkverk. Midtfelt. Kraftig markert skiljelinje. Fartsregulering. Fartskontroll. Kontroll av vegen si dosering.*

- *Kryssande køyreretningar*

Nedgang frå 8 til 5 frå første til andre periode. Berre to av dei i første periode skjedde på E16, mens resten skjedde på fylkesveg (2) og kommunale vegar (4). I andre periode skjedde det berre ei ulukke på E16 mens resten skjedde på fylkesveg og riksveg 13. I begge periodane skjedde ulukkene i sentrum eller nord for sentrum.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: *Betre siktilhøve ved avkøyringar og i kryss. Fartsregulering. Fartskontrollar.*

- *Møting i kurve*

Kraftig nedgang frå 19 til 10. I første periode skjedde 10 av ulukkene på E16, to ulukker på Rv13, 4 på fylkesvegane og 3 på kommunevegane. Av ulukkene på E16 skjedde 5 vest for sentrum og 5 nord for sentrum. I andre periode skjedde 6 av dei 10 ulukkene på E16, 3 på fylkesvegar og ei på kommunal veg. Av dei 6 på E16 skjedde 3 nord for sentrum og 3 vest for sentrum.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: *Midtrekkverk. Midtfelt. Kraftig markert skiljelinje. Fartsregulering. Fartskontroll. Kontroll av vegen si dosering.*

- *Møting på rett vegstrekning*

Det var registrert 6 ulukker i begge periodane og 4 av ulukkene skjedde på E16 i begge periodane. I første periode skjedde ei ulukke

på fylkesveg 307 og ei på Rv 13 og i andre periode var det to ulukker på Rv 13.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: Midtrekkverk. Midtfelt. Kraftig markert skiljelinje. Fartsregulering. Fartskontroll. Etablere sikre sonar for forbikøyring. Vurdere forbod mot forbikøyring. Siktrydding langs vegen.

- *Påkjøring bakfra*

I første periode 14 og i andre periode 15 ulukker. Av dei 14 i første periode var 12 registrert på E16 og 2 på Rv 13. 7 Av desse 12 var 7 ulukker registrert nord for sentrum, to i sentrum og tre vest for sentrum. I andre periode var 13 registrert på E16 og en på Fv307 og ei ulukke på Rv 13.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: Betre siktilhøve ved avkøyringar og i kryss. Strøing/salting ved glatt føre. Kanalisere/planfrie kryss. Fartsregulering. Fartskontrollar.

- *Fotgjenger krysset kjørebanelen i gangfelt utenfor kryss*

I første periode skjedde ei ulykke på Sverresplass. I andre periode skjedde 5 ulykker der 3 av desse skjedde i sentrum ved Sverresplass, ei i Ringheimsvegen og ei på Rv13.

Tiltak for å redusere ulukkestypen: Fartsregulering. Fartskontrollar. Kontroll mobilbruk. Haldningsskapande tiltak. Betre veglys langs vegane i sentrum og i område der folk kryssar vegen.



Oppsummering og framlegg til tiltak for å redusere ulukkene på vegane i kommunen.


Ein har registrert at dei fleste ulukkene skjer på riks- og europavegane i kommunen, samla 75% av alle ulukkene. På fylkesvegane registrerte ein 13% av ulukkene og på dei kommunale vegane 11%.

Dei mest alvorlege ulukkene skjer på riks- og europavegane. Tiltak som vert føreslått er derfor i stor grad knytt til tiltak som bør gjennomførast på riks- og europavegane.

Oppsummert kan ein slå fast at følgjande tiltak er nødvendig for å redusere ulukkene på vegane i kommunen:


Tiltak på europa- og riksvegane : fysiske tiltak, kontrolltiltak og haldningsskapande tiltak.

- *Sjekke om sikt gjennom kurvar og i tunneler er tilfredsstillande etter vegnormalar. Dersom dette ikkje er tilfelle må fartsgrensa tilpassast tilhøva inntil utbetring har funne stad.*
- *Sjekke om vegen sin dosering er rett i høve til fartsgrense/fartsnivå. Dersom dette ikkje er tilfelle må fartsgrensa justerast straks. Sikre sideareal også på rettstrekk slik at utforkøyring skjer med mindre skadeomfang.*
- *Auke vegbreidd med breiare skuldar.*
- *Breiare midtfelt mellom køyreretningane, evt kombinert med midtdelar.*
- *Slake ut sidearealet til vegane.*
- *Auke siktlengd gjennom kurvar og kryss. Vegetasjonsrydding og fysisk fjerne sikthindere.*
- *Etablere strekningar som gjev høve til trygg forbikøyring.*
- *Sanere avkjørsler*
- *Sette ned fartsgrensa der ein har fleire sidevegar, særleg på E16 nord for Voss sentrum.*
- *Arbeid for å gjennomføre vegutbetring og vegomlegging i tråd med kommunedelplanen mellom Oppheim og Lundarosen, spesielt på strekninga Løne-Oppheim.*
- *Vegvesenet må etablere fleire punkt langs vegen der det er tilrettelagt for å kvile, både for langtransportørar og for vanlege bilistar.*
- *På sikt må alle tunellar langs riks- og europavegane få lys som tilfredsstillar standarden. Kombinert med kalking/maling av veggjar.*
- *Betre veglys langs vegane i sentrum og der folk kryssar vegane.*
- *Kontroll på om dekke har tilfredsstillande friksjon, både sommar og vinter. Vurdere om anna type slitelagbør nyttast.*
- *Sikre hovudveg mot ras. Nærøydalen, Sivle, Evanger-Bolstad.*
- *Kontroll: Bilbelte, bruk av mobiltelefon. fartskontroll*
- *Haldningsskapande tiltak: Bilbeltebruk, hald farten, kvil 15 min, og liknande.*



Tiltak på kommunale vegar og på fylkesvegar, fysiske tiltak.

- Siktrydding i kryss og kurvar. Gjeld både vegetasjonsrydding og arrondering av sideareal.
- Standardheving av ein del av dei mest trafikkerte vegane utanom sentrum.
- Auke driftsbudsjettet slik at ein kan halde godt vedlikehald både vinter og sommar.
- Meir og betre rekkverk. Gamalt rekkverk må skiftast.
- Betre vegbelysning spesielt på busshaldeplassar og langs skulevegar.
- Betre vedlikehald, brøyting, strøing, siktrydding og reasfaltering.
- Fleire møteplassar.
- Nedsett fartsgrense på vegar med stor ulukkesfrekvens.
- Redusert fartsgrense på dei vegane der ein har blanding av mjuke og harde trafikkantar.



4.3 NÆRMARE ANALYSE AV ULUKKER REGISTRERT PÅ DEI FORSKJELLIGE VEGKATEGORIAR:

4.31 E16:

På E 16 ser vi at vi har hatt nedgang i trafikkulukker frå perioden 2000-2004 til perioden 2005-2009 på om lag 22-23 %.

Av ulukker som er hyppige er for 2000-2009:

- Einsleg køyretøy utfor på høgre side i venstresving. 17
- Einsleg køyretøy utfor på venstre side i høgresving. 14
- Einsleg køyretøy utfor på venstre side på rett vegstrekning. 10
- Møting i kurve. 16
- Påkøyning bakfrå. 25

Av talmateriale ser ein at ein har svært mange ulukker der einslege køyretøy kryssar midtlinja og anten køyrar ut på motsett side av vegbanen eller der ein kryssar veglinja i kurve og møtar anna køyretøy. Spesielt møting i kurve medfører lett stort skadeomfang. I første periode medførte desse ulukkene at 2 vart drepne i møteulukker i kurve, mens 3 vart drepne i siste periode. Spesielt i første periode var mange av dei alvorlege ulukkene knytt til møteulukker i kurve. *For første periode ser ein at ein hadde kryssing av køyrelinjene i 38% av dei samla ulukkene mens ein i siste periode hadde frekvens på 44% for desse ulukkene.* Samla sett har tala på denne type ulukker gått ned frå 30 til 27, men ein har likevel ei relativ auke på grunn av at det samla tal ulukker er gått ned frå første til andre periode.

Ulukker knytt til kryssing av midtlinja medfører ofte alvorlege ulukker og ein ser av talmaterialet at svært mange av dei alvorlegaste ulukkene inklusiv dødsulukker skuldast kryssing av midtlinja, anten ved møtekollisjonar eller ved utforkøyning på venstre side av vegen. Av talmaterialet ser ein for riks- og europavegane våre (Rv13 og E16):

60 % av alle alvorlege ulukker skuldast at køyretøy kryssar midtlinja på vegen.

62% av alle ulukker med drepne skuldast at køyretøy kryssar midtlinja på vegen.

Årsak til at ein har så mange ulukker knytt til at køyretøy kryssar midtlinja og anten møter motgåande køyretøy eller køyrar utfor køyrebanen på motsett side er ikkje lett å sei. Sannsynlegvis har slike ulukker si årsak i at førar ikkje er merksam nok eller det har si årsak i at førar er trøytt. Det er likevel slik at det er mogeleg å gjennomføre tiltak for å redusere skadane når ulukka likevel er der.

E16 nord for Voss sentrum.

Hovudtyngde av ulukker på E16 som er knytt til **påkøyring bakfrå** skjer nord for Voss sentrum. Det er nærliggjande å knytte desse til dei mange mindre avkjørslane som er langs E16 mellom Løne og Sogn grense.

Tiltak for å redusere denne type ulukker og evt skadeomfang ved slike ulukker er:

- ✓ Sanere avkjørslar dersom dette er mogeleg.
- ✓ Setje ned fartsgrensa.
- ✓ Etablere avkjøringsfil, evt forbikjøringslomme.
- ✓ Sikre tilstrekkeleg sikt i kryss og avkjørslar.

4.32 Rv 13:

For Rv 13 har ein totalt i ti-årsperioden 32 ulukker. Ein merkar seg at ein også her har relativt mange ulukker som er knytt til kryssing av midtstripe, totalt 13 av ulukkene som skjedde i 10-årsperioden er skjedd slik. Det vil sei at om lag 40 % av ulukkene skjer på denne måten, eller om lag same frekvens som på E16.

Elles ser ein at ein har 4 ulukker der mjuke trafikantar er involverte. Tre av desse skjedde i Uttrågata ved Sverresplass.

I kap 4.5 har ein summert opp tiltak som bør gjennomførast på E16 og Rv13.

4.33 Fylkesvegar

På fylkesvegar har ein i ti-årsperioden registrert totalt 29 ulukker med følgjande fordeling:

Utforkøyring: 9 stk

Ulukker i kryss: 4 stk

Møting i kurve: 7 stk (NB: Av desse er 4 ulukker på Fv 307, Raundalsvegen)

Av ulukkesstatistikken ser ein at ulukkene har relativt lite skadeomfang, der ein i perioden berre har ei alvorleg ulukke, mens resten er ulukker med lettare skader.

Elles ser ein at 11 av dei 29 ulukkene ein registrerte i perioden (38%) skjer på Fv 307 (Raundalsvegen) og om lag halvparten av desse (6) skjer i nedre del av vegen, mellom Palmafossen sentrum og Ygre.

Ein har elles registrert 5 ulukker på Vikjavegen (sørsida av Vangsvatnet) og 4 ulukker på Rv 315, Ringheimsvegen/Bavallsvegen. Av dei ovannemnde vegane, så har Fv 315 desidert størst trafikkmengde, spesielt i nedre del før avgreining til Sivlevegen og

sjukehuset. Ulukkesfrekvensen er her relativ liten, i motsetnad til kva den er på Vikjavegen og øvre del av Raundalsvegen, der trafikken er mykje lågare, men som ein ser er ulukkesfrekvensen relativ høg på desse vegane. Det er nærliggjande å tru at nedsett fartsgrense kan vere med på redusere ulukkene her.

Det er nærliggjande å tru at årsakene til ulukkene på fylkesvegane er at dei fleste av desse vegane er smale med dårleg kurvatur. I tillegg er kantrydding og siktutbetringar i kurvar og kryss for dårleg.

Det har i perioden 200-2009 vore lite midlar til disposisjon for trafikksikring langs fylkesvegane. Dette gjenspeilast i at utviklinga på desse vegane ikkje har vore positiv med omsyn til ulukker.

4.34 Kommuneveggar

Dei mest vanlege uhellstypar på kommunale vegar i tiårs-perioden 2000-2009 er:

- Møting i kurver (4)
- Kryssuhell (4)
- Utforkøyring (5)

Eitt av uhella i kryss førte til dødsulukke i 2002, kryss mellom Liavegen og Brynalii. Her omkom ein ungdom på moped som kolliderte med ein bil.

Dei kommunale vegane har svært varierende kvalitet avhengig av når desse vart bygd og kvar i bygda desse er. Dei typiske bygdevegane er smale og av dårleg kvalitet og har trong for opprusting. I og med at vedlikehaldsbudsjettet både for kommunale vegar og fylkesveggar har vore for lågt dei siste åra, har vegane forfalle og det er stor trong for opprustingsarbeide på desse vegane. For dei kommunale vegane er etterslepet, dvs midlane som trengs for å ruste opp vegane til akseptabel standard, berekna til ca 350.000 mill kroner. I inneverande planperiode er det løyvd 35 mill til å ta dei verste partia på dei verste vegane.

I kap 4.2, s 29 har ein lista opp tiltak som bør gjennomførast på dei kommunale vegane og fylkesvegane i kommunen.

Utryggleik

For å kartleggje område der publikum føler seg utrygge, har ein vendt seg til og fått innspel frå alle skular, kvinne- og grendelag, velforeiningar, einskildpersonar og liknande. Til saman fekk ein inn ca 260 framlegg til tiltak. Nokre av forslaga omhandla same tiltak, slik at samla tal for ulike tiltak på strakslista er på ca 125 etter at gruppa har sortert tiltaka og fordelt desse på strakstiltak og investeringstiltak. Alle framlegga til tiltak er samla som vedlegg. Arbeidsgruppa har teke føre seg alle søknadene og prioritert desse etter å synfare stadene for tiltaka som det er søkt om.

4.4 KONKLUSJON

På bakgrunn av dei registrerte ulukkene på dei forskjellige vegkategoriane kan ein konkludere med at vi i Voss kommune dei siste åra har hatt ei markant nedgang i trafikkulukker på riks- og europavegane og på dei kommunale vegane. På fylkesvegane har ein dessverre ikkje registrert ei slik nedgang. Det har heller ikkje vore prioriterte midlar til trafikksikring på fylkesvegane i kommunen i den perioden som er med i analysetidsrommet.

Dei aller fleste ulukkene i kommunen skjer på riks- og europavegane og då spesielt på E16. Sjølv om det skjer ein del ulukker på dei andre vegkategoriane, så er skadeomfanget jamt over mykje meir alvorleg ved ulukker på E16. Dette skuldast hovudsakleg at skadene som skjer på E16 som oftast skuldast at køyretøy kryssar midtlinja og at farten er mykje høgare enn på dei andre vegane i kommunen. I høve til trafikkmengda og den forventa auke i trafikkmengda i tida framover, er standarden på E16 for dårleg. Dette gjeld geometrisk utforming i høve til kurveradier, manglande skuldre, manglande midtfelt, evt midtrekkverk og manglande vedlikehald for sikring av sikt langs veg. I tillegg er sidearealet til E16 ikkje utforma slik at ein kan redusere skadeomfanget ved utforkøyring.

Grunnen til at ein har opplevd positiv utvikling av ulukker langs E16 er ikkje lett å finne. På europavegen mot Bergen har ein i perioden gjennomført ein del tiltak som romlefelt, både som skiljelinje og kanlinjar i tillegg til nedsett fartsgrense, mens ein ikkje har gjennomført tilsvarande tiltak på europavegen mot Sogn grense. Likevel har ein same positive utvikling i ulukker på denne strekninga som mot Bergen. *Det er derfor nærliggjande å dra den konklusjon til den positive utviklinga i at talet på ulukker er gått kraftig ned at bilane er blitt har fått installert fleire tryggingssinnretningar som airbags og at det er større fokus på kollisjonssikre bilar.*


Kortfatta kan ein konkludere med at: ***E16 gjennom Voss kommune generellt har ein standard som ikkje stetter dei krav ein i dag stillar til hovudvegar med tilsvarande trafikkbelastning. Store delar av vegen gjennom heile kommunen må byggjast om for å få ein veg som tilfredsstillar dei krav ein stillar til slike vegar.***

Når det gjeld fylkesvegane i kommunen har ein i ti-årsperioden ikkje registrert nedgang i ulukker og dette skuldast etter vår meining at Fylkeskommunen sin innsats på trafikksikringsområdet ikkje har vore prioritert, og heller ikkje har det vore kanalisert tilstrekkeleg med midlar til slike tiltak. I tillegg registrerar ein at det er eit kraftig etterslep på vedlikehaldet. Mange av vegane er meir eller mindre i oppløysing etter mange år med manglande asfaltering. Mange av vegane burde for lengst vore oppgraderte, og då spesielt dei vegane som no får stadig aukande trafikk. Spesielt kan ein peike på vegen til Bavallen, veg til Bordalen og veg til Raundalen. Store strekningar langs desse vegane har i dag dårleg standard og ein ser frå

kommunen si side med forventning til utbetringar på Bavallsvegen der ein no gjer ferdig reguleringsplan for ny veg fram til nytt hyttefelt. Likeså vil ein få utbetring av delar av Bordalsvegen mellom Rokne og Himle. Raundalsvegen, der ein har registrert relativt mange ulukker, bør snarast få tilsvarande tiltak.

På dei kommunale vegane har ein hatt ei positiv utvikling med kraftig nedgang i trafikkulukker i ti-årsperioden. Etterslepet på vedlikehaldet på dei kommunale vegane er imidlertid "astronomisk" og det vil ta mange år før ein kan ta igjen forsømt vedlikehald.

Det generelle fartsnivået på dei kommunale vegane er relativt låg, og ein må konkludere med at den positive utviklinga i tal på trafikkulukker i all hovudsak skuldast auka tryggleik knytt til køyretøya med installering av airbaggar og meir kollisjonstrygge bilar.



4.5 **PRIORITERING AV TILTAK**

På bakgrunn av ei samla vurdering av alle tiltaka, har prosjektgruppa sett opp ei samla prioritering. Ein har her freista å fordele tiltaka slik at kvar skulekrins skal få prioriterte tiltak i sitt nærrområde. På bakgrunn av at alle strakstiltaka på det kommunale vegnettet samla er kostnadsrekna til godt og vel 2 mill kr, føreslår ein frå arbeidsgruppa at det vert løyvd ca 600.000 over kommunen sitt driftsbudsjettet til å gjennomføre tiltaka over 4 år.

For at kommunen skal kunne gjennomføre sin del av tiltaka som er kome inn under kategorien "Investeringsiltak", bør ein i økonomiplanen sette av minimum 1,6 mill årleg for at desse prosjekta skal ha ei god framdrift.

Generellt om tiltak som bør gjennomførast basert på analyser av ulukkesstatistikk.

	Problem	Framlegg til løysing
1	Ulykker knytt til utforkøyring.	<ol style="list-style-type: none">1. Vedlikehalde og etablere fleire "raslestripar" som kant- og skiljelinjer og helst skiljefelt og meir rekkverk.2. Endre kurver og utbetre sideareal på E16.3. Planfri kryssing av riksvegane der tiltakslista i trafikksikringsplanen tilrår dette.4. Etablere midtdelar eller mellombels med dobbel skilje (skiljefelt) på E16 og Rv13.5. Standardheving av fylkesvegar.6. Meir rekkverk og møteplassar på fylkesvegane.7. Haldningsskapande tiltak8. Fleire fartskontrollar
2	Ulykker knytt til møting	<ol style="list-style-type: none">1. Vedlikehalde og etablere fleire "romlestripar" som kant- og skiljelinjer eller helst skiljefelt.2. Endre kurver og sideareal på E16.3. Fleire kanaliserte kryss.4. Vurdere redusert fartsgrense på E16 og Rv13. Spesielt bør ein sjå på fartsgrense på E16 mellom Løne og Oppheim der ein har registrert mange påkjørsler bakfrå.5. Etablere midtdelar på E16.6. Siktrydding langs fylkesvegane og langs dei kommunale vegane. Spesielt i kryssområde.

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

		7. Haldningsskapande tiltak 8. Fleire fartskontrollar
3	Fleire ungdomsulykker i Voss enn gjennomsnittet for Hordaland.	1. Haldningsskapande tiltak 2. Fleire aksjonar mellom dei unge.
4	Dei aller fleste ulykkene skjer på E16	1. Jf pkt 1 og 2
5	Svært mange foreldere føler seg uroa for tryggleik til barna sine på skulevegen.	1. Bete på- og avstignings-tilhøve ved busshaldeplassar. 2. Meir veglys, spesielt ved av- og påstiging til skulebuss. 3. Gjennomføre diverse strakstiltak i tråd med tiltakslista. 4. Gje skulebarna tilbod om bruk av refleksvestar og sjå til at desse vert nytta. 5. Redusert fartsgrense i sentrum og langs skulerutar. 6. Byggje fleire gang- og sykkelvegar og fortau.

Haldningsskapande og trafikantretta tiltak.

Prioritet	Problemområde/oppgåver	Hovud-ansvarleg	Framlegg til tiltak
1	Særlege tiltak retta mot unge bilførarar.	Kommunen/ Køyreskular/ Vegvesen/ Lensmann/ Trygg Trafikk	Haldningsskapande tiltak: Aksjon mot alkohol og bilkøyning. Aksjon "sei ifrå". "Hald farten", "Bruk bilbelte", "Kvil 15 min", ...
2	Lensmann i samarbeid med Trygg trafikk skal gjennomføre kampanjar retta mot russ og deira haldningar i trafikken.	Lensmann/ Trygg Trafikk	Kontakt mellom politi/Trygg trafikk og ungdom.
3	Førebyggjande trafikkopplæring i skulen gjennom skulen sin Handlingsplan for trafikkundervisning.	Kommunen	Revidere handlingsplanar i tråd med opplæringsplan.
4	Opplegg retta mot mjuke trafikantar, førar- og køyreadferdskontrollar.	Lensmannen. Trygg trafikk	
5	Oppfriskingskurs for eldre bilførarar.	Lensmannen/ Statens vegvesen	Opplysing – tilskot?

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

6	Utdeling av refleksvestar til alle førsteklasingar	Lensmannen/ lokale bankar	Kommunen/skular/ teknisk.
7	Besøk/undervisning av lensmann i barnehagar og skular på alle nivå.	Lensmannen	Sjekke tilskotsordningar frå fylket, sentralt?

Matrisene over kan konkretiserast med kva fysiske tiltak som bør gjennomførast på europa- og riksvegar samt på fylkes- og kommunale vegar:

Ovannemnde tiltak er av generell karakter og mange av tiltaka så omfattande at dei ikkje kan gjennomførast utan at betydelege midlar vert stilt til rådvelde. Ein må derfor rekne med å bruke mange år før ein har gjennomført tiltaka.

Kap 5 Skuleveggar i kommunen

I avsnittet for hovudplan for sykkelveggar i kommunen (kap 6) ser ein på dei skulevegane som er i sentrum, på Palmafossen, Gjernes, Seim/Finne og i Skulestadmo. Tiltak som er ønskt gjennomført på desse vegane for å gjere dei tryggare med tanke på tryggare skuleveg har ein teke med i det følgjande.

Det er ei målsetting at ein kan etablere så gode skuleveggar i kommunen at det vil vere trygt for barna å gå eller sykle til skulen. I tillegg til at dette har ei samfunnsmessig vinst ved at tid sparast, så vil det og spare miljøet og samstundes gje ei helsemessig vinst ved at barna får betre fysisk yteevne.

Ein har følgjande skular i kommunen:

Bolstad skule

Evanger skule (Kombinert barne- og ungdomsskule)

Bulken skule

Gullfjordingen skule

Voss folkehøgskule

Voss husflidskule

Rogne vidaregåande skule

Vangen skule

Voss ungdomsskule

Voss Gymnas

Voss vidaregåande skule (Vatle + Voss Yrkesskule)

Gjernes skule

Skulestad skule

Voss jordbrukskule

Palmafossen skule

Bordalen skule

Bjørgum skule

Kløve skule

Sundve skule (barne- og ungdomsskule)

Oppheim skule

Av opplistinga over ser ein at vi har 11 reine barneskular, 2 kombinerte barne- og ungdomsskular og ein rein ungdomsskule. I tillegg har vi 5 vidaregåande skular og 1 institusjonsskule.

5.1 OMTALE AV DEI ULIKE SKULANE OG SKULEVEGAR.

Gullfjordungen skule - barneskule - området vest for sentrum, Gullfjordungen, Seim, Finne

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Seimshagen	Smalt fortau. Dårlig på vinterstid.	
Finnesvegen	Vegen bør stengjast for gjennomkøyring når ny veg ved Folkehøgskulen er ferdig.	Bør vere gang- og sykkelveg med køyring tillatt til eigedommane.
Gullfjordungsvegen	Bør etablere fortau heile vegen til Vangen.	Løyve midlar til fortau.
Hangursvegen	Bør etablere fortau.	Reguleringsplan. Løyve midlar til fortau.
Eskelandsvegen/Lydvavegen	Lite trafikk i Lydvavegen. Eskelandsvegen gjennom Folkehøgskulen kan vere sterkt trafikkert. Ikkje fortau.	Vil bli betre når ny veg til Seim kjem på plass i 2013.

Voss Husflidskule - vidaregåande - området vest for sentrum, Gullfjordungen, Seim, Finne

Elevar frå heile bygda – Flest elevar langs Gullfjordungsvegen.

Skulen er planlagt nedlagt i 2014.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Seimshagen	Sjå Gullfj. skule.	
Finnesvegen	Sjå Gullfj. skule.	
Gullfjordungsvegen	Sjå Gullfj. skule.	
Hangursvegen	Sjå Gullfj. skule.	
Eskelandsvegen/Lydvavegen	Sjå Gullfj. skule.	

Folkehøgskulen på Voss - institusjonsskule – Delvis bur elevar på sjølve skulen


Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
	Sjå ellesGullfj. skule.	

Vangen skule - barneskule – elevar frå sentrum og hovudsakleg nord for sentrum til Ringheim.


Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Ringheimsvegen,	Frå Rogne og vidare oppover manglar fortau. Dyrt prosjekt. Bør etablerast gs-veg på Ringheim når ny Bavallsveg er på plass. Kryssing over Ringheimsvegen ved Sivlevegen. Her bør mur senkast i krysset pga sikt og etablere fotgjengarfelt. Tisvarande er det ein del som kryssar Ringheimsvegen ved Lundhaugen barnehage.	Reguleringsplan for området på Ringheim. Midlar til fortau og gs-veg. Fotgjengarfelt og senking av mur i kryss med Sivlevegen. Bør vurdere gangfelt ved barnehagen.
Utsikten/Rogne/Lekve	Ein del elevar vil nytte gs-veg frå Utsikten mot Strandavegen. Dårleg kryssing med Strandavegen.	Nytt gangfelt i Strandavegen nær Shell.
Strandavegen	Fortau. Delvis smalt. I Lundarosen er eit gangfelt over mot Tvildemoen som ikkje er sikkert. Vegvesenet skal vurdere fotgjengarfelt for dei som kryssar mellom Shell-stasjonen og Lekvemogata (dei som kjem frå Utsikten).	Flytte gangfelt i Lundarosen, evt ny undergang. Vurdere om gangfelt i Strandavegen ved Shell-stasjonen bør etablerast.
Rongsbakken	Dei fleste nyttar denne vegen frå kryss med Sivlevegen. Lite trafikkert. Bratt. Konflikt ved kryssing av Sjukehusvegen og	Tiltak ved kryssing av Sjukehusvegen? Sykkelsperre – halv bom – farleg

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

	Ringheimsvegen.	punkt.
Vangsgata	Gode fortau. Blanda trafikk i gata.	Nedsett fart til 30 Einvegskøyring med sykkelfelt
Uttrågata	Bra fortau. Mye kryssing i fotgjengarfelt.	Nedsett fart til 30 Ta bort kantparkering og etablere sykkelfelt på begge sider.
Lekvemogata	Smalt. Dårlig kryssing under jernbanebru og ved parkeringsplass.	Vurdere trafikkmønster. Einvegskøyring her?
Miltzowsgata	Fortau. Einvegskøyring.	Nedsett fartsgrense.
Hestavangen	Problem rundt drosjane. Kryssing på tvers av gata. Elevar nyttar ikkje fotgjengarfelt.	Flytte drosjane. Lage ny plan for heile Hestavangen som gjer det tryggare for gåande.
Lekvemoen	Ikkje fortau. Mykje trafikk. Rotet.	Prioritere nytt fortau. Betre kryssing av gata ved Uttrågata – utforming av gangfelt og kantparkering er utfordring.



På kartet over har ein vist sykkelfelt gjennom Vangsgata. Dette føreset at Vangsgata mellom Torget og Sverresplass kan gjerast om til einvegskøyrd veg. I Vangsgata mellom Torget og fram mot krysset ved Park må ein fjerne kantparkering på den eine sida.



Voss Gymnas - vidaregåande skule – elevar frå heile kommunen.
Mange via buss til Uttrågata. Nokre med bil og ein del med moped.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Sjå Vangen skule		

Voss ungdomsskule - ungdomsskule – elevar frå heile kommunen
– lokalisert i sentrum. Mange elevar kjem med buss til Uttrågata. Ein del med moped.


Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Hestabakkvegen	Fartsgrense 30 km/t.	Må vurdere fartsgrense på 30 km/t på heile Vangen.
Prestegardsmoen	Ein del vert sett av buss ved Holbergs plass og går gjennom	Bør etablere meir lys langs alleen

	moen. Frå Gjernes gjennom moen.	mellom kyrkja og skulen
Sjå Vangen skule		

Rogne vidaregåande skule - vidaregåande skule – elevar frå heile kommunen, lokalisert på Rogne, ca 1 km nord for sentrum.

Ein del kjem med bil og moped. Ein del med buss som stoppar i sentrum.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Rongsbakken	Dei som kjem frå Vangen nyttar Rongsbakken opp til Ringheimsvegen. Krysser her til fortau på motsett side.	Senke mur i kryss mellom Ringh.vegen og Sivlevegen for betre sikt. Etablere gangfelt i Ringheimsvegen ved Sivlevegen.
Ringheimsvegen	Dei som kjem frå Ringheim/Skjerpe/Skulestadmo kjem Ringheimsvegen frå oppsida. Manglar fortau/gs-veg.	Etablere fortau nord for Rogne opp for Ringh.vegen. Gs-veg på Ringheim. Sjå elles tiltak under Vangen skule.



Det har lenge vore ynskje om å få etablert gangfelt over Ringheimsvegen ved kryss til Sivlevegen slik dette er illustrert til venstre. Føresetnad for

tiltaket er at mur mot mur for plantearealet nord i krysset vert senka slik at ein får betre sikt. Kommunen har stilt seg bak dette, men tiltaket som skal gjennomførast av vegvesenet.

Kryssingspunktet vert nytta av skuleborn på veg til Vangen og av skuleborn på veg til Rogne vidaregåande skule.

Voss vidaregåande skule - vidaregåande skule – elevar frå heile kommunen, lokalisert like aust for sentrum. Skulen innbefattar tidlegare Vatle Handelsskule og yrkesskulen på Bryn.

Vatletun:

Ein del kjem med bil og moped. Ein del gjennom Movegen (Haugamoen), frå sentrum via Haugamoen.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Movegen	Elevar frå Gjernessida kjem gjennom her.	
Gjernesvegen	Frå Gjernes til Haugamoen. Er fortau på del av strekninga. Manglar fortau opp bakken frå Kunsthandtverksskulen.	Bør prioritere gang- og sykkelveg Russarvegen mellom Gjernesvegen og brua.
Bordalsvegen	Dårleg tilrettelagt for gåande utanom Haugamoen.	Fortau, i første omgang til Haugateigen.
Hardangervegen	Gang- og sykkelveg opp til Brynalii. Fortau vidare opp Brynalii.	

Voss yrkesskule:

Vidaregåande skule – elevar frå heile kommunen, lokalisert på Bryn. Mange elevar med bil eller moped.


Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Brynaskogen	Manglar fortau	Etablere fortau/gs-veg
Brynalii	Smalt fortau	

Gjernes skule - barneskule - elevar frå området Gjernes, Haugamoen, Songve. Langs fylkesvegen og Russarvegen. Frå Songve via gardsveg (sommars), Gamle Bordalsveg/Nyresvegen.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
Gamle Bordalsvegen	Om sommaren kan elevar gå snarveg over jordene på garden aust for skulen frå Songve.	Ein bør vurdere om ein her bør betre leggje til rette for trygg heilårsveg.

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

Gjernesvegen	Manglar fortau mellom Gjernes og Kunsten. Elevar bør nytte Russarvegen og gjer stort sett det.	Etablere gs-veg i Russarvegen mellom Gjernesvegen og Tintrabrua. Nedsett fart i Russarvegen
--------------	--	---





Palmafossen skule - barneskule – elevar frå området Palmafossen, Kinne, Bryn, lokalisert på Palmafossen, like nord for Palmafossen sentrum.

Via Brynavegen-Bryn-Liavegen, snarveg gjennom gardstun på Bryn, Tjukkebygdvegen,

Skuleveg	Merknad	Prioritere tiltak?
Tjukkebygdvegen mot Bakketun.	Manglar fortau/gs-veg. Manglar tilstrekkeleg veglys.	Utvide veg med gs-veg, evt tett mot veg. Meir veglys. Reguleringsplan.

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

<p>Tjukkebygdvegen ved Palmafossen sentrum.</p>	<p>Dei som kjem langs Hardangervegen frå aust må krysse Tjukkebygdvegen ved kryss mot riksvegen. Dårlig kryssingspunkt.</p>	<p>Vurdere gangfelt over Tjukkebygdvegen.</p>
<p>Rykkesvegen/Høydalane</p>	<p>Det er fartsdemparar i Rykkesvegen- ikkje fortau. Relativ lite trafikk.</p>	
<p>Brynaskogen</p>	<p>Mykje trafikk langs Brynaskogen etter meir etablering av verksemdar her</p>	<p>Fortau langs Brynaskogen</p>
<p>Brynalii</p>	<p>Ein del nyttar kryssingspunkt i Brynalii før ein kjem til E-verket. Ønskje om nedsett fart og humpar på grunn av fare for påkøyring.</p>	<p>30-sone og humpar ved gangfelt.</p>



Til høgre viser situasjon i Brynalii der ein del kryssar vegen som vist på kartet. Ein vil føreslå fartsdemparar og nedsett fart i aktuelt område i Brynalii.

Skulestad skule - barneskule – elevar frå Skulestad, skjerpe, Ringheim, Nordrekvål-Løne, Almeland-Nedkvitne. Skulen er lokalisert i Skulestadmo, like ved E16.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
E16 frå nord	Nord for Een er det ikkje gs-veg. Elevar får her skuleskyss. Dårlige av- og påstigningstilhøve ved busstopp	Betre busshaldeplassar med venteskur. Mykje av dette vil bli løyst i ny reguleringsplan for E16. Trengar strakstiltak her.
E16 frå sør (Vangen)	Går på gs-veg langs europavegen. Elevar frå Tvildemoen må krysse E16 i Lundarosen. Farleg kryssingspunkt. Tiltak med planfri kryss er prioritert.	Planfri kryss. Mellombels sikre med lysregulering.
Skulestadvegen	Elevar følgjer gs-veg og kryssar i nedre del av vegen og går på snarveg til Myraplassen/skulen.	
Ringheimsvegen	Frå Ringheim/Gjerde. Ikkje åtskilt for gåande/syklende. Delvis dårleg veglys.	Etablere betre veglys. Trafikk på denne vil i stor grad forsvinne med ny veg til Bavallen. Viktig derfor med ny Bavallsveg.
Nedkvitnevegen	Ikkje forta langs Nedkvitnesvegen.	Etablere fortau eller gs-veg.
Gangveg Melsvatn	Opparbeidd siste åra. Kryss over E16 ved skulen er farleg, men har fått lysregulering siste åra.	Ny undergang ved skulen.
Myraplassen	Her er det ikkje skilje mellom gåande og køyrande. Bør få til adskilt løysing.	Vurdere ny tilkomst til skule med betre tilhøve for mjuke trafikantar i samband med ny reguleringsplan.


Voss jordbruksskule - vidaregåande skule, elevar frå heile kommunen, lokalisert i Skulestad like ved E16. Ein del bur på skulen, nokre kjem med bil eller moped.

Skuleveggar	Merknad	Prioritere tiltak?
-------------	---------	--------------------

Vegar som til Skulestad skule. Sjå over.		
--	--	--

Bolstad skule - barneskule – skulekrins er Bolstadøyri med omland.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Strandi/Leira til skulen	Vegen er trygg med relativ liten trafikk. Elevane må krysse Kvernhusbrui og Bolstadbrui samt jernbanen. Ein har etablert veglys langs vegen til Leira. På grunn av utrygghet med kryssing av jernbanespora ved stasjonen får elevar tom 4 kl skuleskysst.	Reparere rekkverk på dei to bruene. Fjerne planovergang og erstatte denne med bru. Det er ny reguleringsplan med dette tiltaket. Vurdere om det er trong for nedsett fart på delar av skulevegen.



Bolstad skule ligg litt aust for Bolstadøyri sentrum.

Dei fleste av elevane kjem frå bustadfeltet sør-vest for skulen. Elles er det elevar frå andre sida av elva, Strandi og Leira og området ved stasjonsbygget. Det er og elevar som kjem frå aust, frå Horvei. Andre

kjem frå Rasdalen, Tyssen og frå Øvstedalen. Dei fleste av desse får skuleskyss.


Det er relativt lite trafikk på vegane inn mot skulen, men det har vore ønske med meir lys langs vegane, og då særleg i retning mot Horvei, men og langs vegane ned mot Horvviki.

Det er registrert dårleg rekkverk på Bolstadbrui og Kvernhusbrui. Dette er teken med i lista over strakstiltak.

Det er vidare registrert nedfall av stein langs vegen til Horvei, ved Rongaberget. Dette partiet bør sikrast slik at det blir trygt å gå her. Skulevegane inn til skulen er relativt smale, men dei er lite trafikkert, så ein vil kunne tilrå at dei fleste elevane over 3-4 årstrinn bør kunne sykle til skulen.

Evanger skule - barneskule/ungdomsskule – skulekrins er Evanger med omland.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Haugahagen til skulen	Vegen bør rustast opp. Betre sikring av vegkantar med rekkverk. Meir lys i eksisterande stolpar.	
Hernes til skulen	Fare for isras frå fjell langs skulevegen.	Sikring av eit lite fjellparti med boltar.



Skulekrinsen er relativt stor, der det kjem elevar frå Teigdalen (Århus-Brekkehus), byggjefelta Haugahagen og Vele, frå bustadene langs fylkesvegen på nordsida av vatnet og frå sentrum av Evanger. Det kjem og elevar frå sørsida av Evangervatnet, mellom anna frå Hernes. Elles er det ein del som kjem frå området langs Bjørgåsvegen. Ein del

har lang reise, mellom dei som kjem frå Steine, Mugås, Bjørgås og dei frå Teigdalen.

Elevar på barnetrinna som bur på Fadnes får fri skuleskyss på grunn av fare for steinras ved Fadnesberget. Det er gjennomført mye sikringsarbeid på fjellet, men det er framleis fare for at det kjem ned stein her.

Det er relativt lite trafikk på vegane i skulekrinsen når ein ser bort frå E16.

Vegen opp til Haugateigen er smal og dårleg sikra med manglande rekkverk. Her manglar og litt veglys.

Mot Hernes er det eit lite fjellparti ved ein av tunnellane som ein bør sikre mot isras.

Bulken skule - barneskule med barnehage – skulekrins er Dyrvedalen – Bulken – Veka. I tillegg grensar krinsen mot Gullfjordungen i aust og Evanger i vest. På sørsida av vatnet følgjer den fylkesvegen retning Hamlagrø og retning mot Gjernes langs Vikjavegen.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Viki/Seim/Hamlagrø til skule	Dårlege busshaldeplassar og dårleg lys.	Utbetre busshaldeplassane og sette opp meir lys.
Bulken/Dyrvedalen til skulen.	Uoversiktleg veg, smalt. Veglys. Problem med å kome frå brua i vest inn til skulen pga barnehagen. Burde vore betre opparbeidd busshaldeplass.	Utbetre nokre kurvar. Etablere gangsti i skråninga mellom bru og skule. Busshaldeplass må gjerast betre.
Hellesneset til skulen.	Manglar lys langs vegen frå aust.	Veglys i eksisterande stolpar.




Bulken skule ligg langs fylkesvegen mellom Djukastein og jernbanestasjonen på Bulken. Det er relativt mykje trafikk på denne fylkesvegen ved skulen og det er seinare tid etablert 40-sone med humpar. Det vart og for ein del år sidan etablert betre busshaldeplass. Etter signal frå skyss, så er denne likevel ikkje heilt tilfredsstillande og det er ønskjeleg å utvide denne og etablere rabatt mellom vegen og haldeplassen.

Frå vest er det ønskjeleg med meire lys langs fylkesvegen. Det bør setjast opp gjerde langs barnehagen sitt uteareal slik at det kan etablerast ein sti på utsida av denne frå brua og inn mot skuleplassen.


Bordalen skule - barneskule – skulekrins langs fylkesvegen med sidevegar og langs den kommunale vegen på andre sida av dalen, Dymbe, Roe og Tillung.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Himle til skulen.	Manglar veglys. Nokre smale parti, spesielt over bruer.	Sette opp fleire veglys. På sikt utvide bruene.
Kvitno/Fære/Helland til skulen.	Smal veg, dårlege vegkantar.	Utvide vegen og sikre kantane.
Ved skulen	Dårlege busshaldeplassar.	Utvide haldeplassane og venteskur.



Kløve skule skule - barneskule – skulekrins er område langs fylkesvegen med sidevegar, Repål/Lemme.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Kytte/Repål/Lemme til skulen	Manglar litt veglys. Nokre smale parti mot Lemme.	Nokre meir lyspunkt.




Klløve skule ligg langs fylkesvegen til Rong ved Klløve. Frå vest kjem fylkesvegen frå Repå/Kyte mot skulen. Dei aller fleste elevane kjem denne vegen. Det har den sinare tid vore sett opp ein del veglys langs denne strekninga. Ein manglar lys i eit par punkt ved Nedre Kyte. På Nedre Kyte går fylkesvegen rett gjennom tunet og det har lenge vore ønskje om at vegen her kan leggjast om, på nedsida av gardstunet.

Sundve skule - barneskule og barnehage – skulekrins langs E16 til Vinje, Myrkdalen, Kroken byggjefelt, langs kommunal veg vest for skulen med Haga, Tveito og Herheim. Vidare er det ein del elevar som kjem frå Hommelal og bustader langs denne vegen.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Kroken byggjefelt til skulen.	Litt problematisk kryssing over vegen frå feltet til skulen. Det er etablert eit felt langs vegen der borna kan gå trygt slik at dei kan krysse på eit meir oversiktleg parti inn mot skulen, men det parkerar ofte trailere her som gjer det uoversiktleg.	Som strakstiltak bør ein sette opp parkering forbodeskilt i denne lomma. På sikt må ein vurdere planfri kryss.
Holbygda-Haga-Sundve	Snøtungt område Relativ smal veg.	Vurdere å sette opp meir rekkverk og

	Manglarrekkverk nokre stader. Lite lys langs vegen.	lys.
--	---	------




Skulekrinsen går heilt ut til Holbygda (Lund/Fjeli/Hommedal).

Oppheim skule - barneskule og barnehage – skulekrins langs E16 til Sogn grense og ned til Sundve skulekrins. Ein del elevar kjem frå byggjefeltet på Framnes, men går mykje av vegen langs gang- og sykkelvegen.

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Lokale kommunale vegar rundt skulen.	Manglar ein del veglys	Fleire lyspunkt.

Oppheim hotell mot Tøn	Manglar veglys	Bygge ut dette over tid.
Diverse busshaldeplassar.	Manglar lys.	Sette opp veglys ved desse.
Kryss med buss-stopp i Vinjedalen.	Mørkt parti som manglar veglys.	Vurdere oppsett av veglys.



Vegane rundt skulen er kommunale og relativt lite trafikkerte, men det mangla rein del veglys. Langs E16 mellom Framnes og Oppheim hotell er det etablert gang- og sykkelveg parallelt med E16. Her er det stort sett gode, trygge tilhøve for dei mjuke trafikantane. Forbi hotellet og i retning Tøn manglar det ein del veglys. Ein bør vurdere å byggje ut eit samanhengjande system på sikt.

Ved avkjørsle og stopp-punkt for buss bør det setjast opp veglys. Dette bør kommunen og vegvesenet samarbeide om. (Det er litt langt til straum-stolpar).

Generellt bør det setjast opp veglys ved fleire busshaldeplassar.


Björgum skule - barneskule- skulekrins frå Granvin grense – Mønshaug – Bjørke –Björgum- Grove

Skulevegar	Merknad	Prioritere tiltak?
Frå sør og nord langs gangvegssystemet som ligger på vestsida av	Bør etablerast bru over riksvegen ved Björgum.	Gang- og sykkelbru over riksvegen ved Björgum.

Trafikksikringsplan for Voss kommune
2012-2015

riksvegen. Problem oppstår når dei skal krysse riksvegen på Bjørgum.		
Elevar frå Opeland ønskjer snarveg over gardsbruk like aust for skulen.	Ein bør her kunne etablere snarveg over jorde og ned mot skulen. Grunneigar positiv.	Snarveg/sti med lys.
Elevar frå byggjefeltet nyttar ikkje gang- og sykkelvegen inn mot skulen, sidan denne går ned i søkk i terrenget.	Kan heve gang-og sykkelvegen slik at denne blir meir innbydande.	Bør kunne nytte overskotmassar dersom ein har slike i området til å heve gs-vegen.
Kryssing av vegen for mjuke trafikantar på Dalsleitet (TeBe) er ikkje trygt.	På sikt kan det bli etablert fleire bustader i dette området og dei skal krysse over riksvegen til gs-vegen på andre sida.	Ein må vurdere om ein her skal etablere planfri kryss med kulvert mellom gang- og sykkelvegen og området på andre sida.
Utrygg kryssing ved Taubaneservice.	Dei frå byggjefelt i Istadosen og Istadvegen kjem ned ved Taubaneservice og må krysse riksvegen over til gang- og sykkelvegen..	Vurdere planfri kryssingspunkt nær Taubaneservice.
Kryssing av riksvegen ved Svelgane.	Dette gjeld særleg skuleborn som høyrar til Granvin som må krysse vegen for å kome til busshaldeplass.	Bør etablere kulvert under riksvegen for å trygge kryssing, både som skuleveg og som turveg.
Bjørkevegen	Denne vegen er sterkt trafikkert av tungtrafikk. Ein bør utbetre heile vegen og etablere fortau/gs-veg.	Bør prioriterast på investeringsbudsjettet for utbygging av kommunale vegar.

Trafikksikringsplan for Voss kommune 2012-2015







VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling for tekniske tenester

Ulykker Voss 2000-2004 Dato: 18/06 2010 kl: 14:25



UlykkerVoss2005-09 Dato: 18/06 2010 kl: 13:47



Kap. 6: Framlegg til tiltak og prioritering

I kapittel 4 har ein sett på kva type ulukker som skjer på dei forskjellige vegkategoriane i kommunen. Ut frå dei registreringane som er gjennomført for ulukkene som har skjedd i dei to delperiodane ein har analysert kan ein trekke generelle retningslinjer for gjennomføring av spesielle tiltak. Dei spesielle tiltaka er lista opp i prioritert rekkefølge i tabellane under. Dette gjeld tiltak som er relativt kostnadssame, over kr. 100.000, investeringstiltak og tiltak som er rimelegare, strakstiltak.



6.1 PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK

Prioritering for investeringstiltaka er gjort av gruppa som har arbeidd med planarbeidet. Gjennom fleire møte har ein sortert tiltaka etter kor viktig prosjekta er, og til sist er det føreteke prioritering og plassering av tiltaka, om dei er på riksveg, fylkesveg eller kommunal veg. Tiltaka vart katalogisert i A-, B- og C-tiltak. Då mengde av tiltak i utgangspunktet var svært omfattande valte ein berre å plassere A-prosjekta som aktuelle for denne planen.

Fylkesvegar




Prioritet	Ref.nr	Tekst	Kostn. estimert	Ansvar	Type tiltak	Område
1	39 A	Gang og sykkelkulvert i Ringheimsvegen under jernbane. Prosjektet er sterkt ønskt av kommunen og ein har derfor foreslege at kommunen deltek i finansiering med 0,5 mill. kr.	3,5 mill + 0,5 mill (inv) Kostnader er usikre. Kan vere betydeleg meir.	Vegv/ Komm	Planfri kryss	Vangen
2	85 A	Senking av mur i kryss mellom Ringheimsvegen og Sivlevegen. Tiltaket gjennomførast for å få betre sikt i krysset. Tiltaket bør gjennomførast før ein etablerar gangfelt. Etter at mur er senka, bør ein etablere gangfelt.	130.000 (mur) (inv) 30.000 (gangf)	Vegv	Siktutbetring	Vangen
3	141 A	Fortau i Bordalsvegen mellom Haugamoen og Storehagen.	15 mill	Vegv	Fortau	Vangen
4	143 A	Ta bort fysisk skilje mellom Gjernesvegen og gangvegen som ligg på vestsida av fylkesvegen, mot elva, og etablere fortau i staden for smal gang- og sykkelveg som er vanskeleg å vedlikehalde. Nytt gjerde mot elva.	2,5 mill	Vegv	Fortau	Vangen/ Gjernes









		Kantforsterkning av mur mot elva.				
5	115 A	Etablere visningskilt for alle brukte sykkelruter i kommunen. Først og fremst for sykkelturistar, men og for at fastbuande skal velje rette vegar.	150.000 + 50.000	Vegv/Komm	Skilt	Heile kommunen
6	100 A	Ved Bulken skule må busslomma med fortau flyttast mot skuleplassen på Bulken slik at ein får plass til midtrabatt for sikker på/avsting. En del muring mot skuleplassen. Tiltaket må gjerast saman med etablering av gang- og sykkelveg frå vest slik at elevar slepp å gå i køyrevegen på veg til skule.	800.000 (inv)	Vegv.	Anna	Bulken
						
7	138 A	Omlegging av fylkesvegen på Nedre Kyte. Her går vegen gjennom gardstunet tett inn mot bygningane. Vegen bør leggjast om på ca 500 m.	2 mill	Vegv (Vegvesenet ønskjer ikkje å prioritere denne vegomlegginga)	Vegutbetring	Kyte
8	28 A	Ei strekning i Bordalsvegen rett før avkjørsle til Rio manglar rekkverk. Kriteriet for oppsett er til stade. Vegrekkverk 70 meter	60.000 (inv)	Vegv.	Vegrekkverk	Bordalen
9	32 A	Ved Nesheimsberget bør ein sette opp ca 200 meter rekkverk.	170.000 (inv)	Vegv	Rekkverk	Skulestmo
10	70/ 71 A	Gang- og sykkelveg med utbetring av hovudveg frå X Ringheimsvegen til Hagahaugvegen, 600 m Tilsvarande frå X Hagahaugvegen til Mølster. 400 m	9 mill (inv) 5 mill (inv)	Vegv	Gang- og sykkelveg	Skulestmo
11	A	Generelt for alle fylkesvegar gjeld at sikttilhøve (vegetasjonsrydding + i kurvar bør betrast		Vegv	Siktutbetring	Kommunen
						
12	A	Oppsett av veglys på busshaldeplassar og langs skule- og tur-vegar.		Vegv	Veglys	Kommunen
13	A	Reasfaltering av fylkesvegar		Vegv	Reasfaltering	Kommunen
14	A	Etablering av fleire møteplassar på smale fylkesvegar.		Vegv	Møteplassar	Kommunen

Riksvegar (E16 og Rv13)

Som omtalt i planen er dei fleste av ulukkene knytt til trafikken på E16 og Rv13 utanfor sentrum. Tiltaka i lista under er hovudsakeleg prioritert etter føremålet om at dei mjuke trafikantane skal kome seg trygt fram i trafikken, til skule eller til arbeid. Ein har likevel teke med tiltak som går på generell standardheving av hovudvegnettet. Desse tiltaka er lista opp i prioritet 15-30.



Prioritet	Ref.nr	Tekst	Kostn. estimert	Ansvar	Type tiltak	Område
1	37 A	Ny bru mellom gang- og sykkelveg til andre sida av Rv 13 på Bjørgum, til skulen/idrettsplass.	10 – 20 mill (inv)	Vegv	Planfri kryss	Bjørgum
2	41 A	Planfri kryssing med gang- og sykkelkulvert under europavegen i Lundarosen der det er gangfelt i dag. På grunn av avgrensa plass på gangvegen må dimensjon av kulvert vere noko redusert i høve til standardmål, alternativt flytte mur på innsida av gs-veg. Mellombels løysing vil vere å flytte gangfelt ca 30-50 m mot Vangen. Alternativ er også lysregulering.	5 mill (inv)	Vegv.	Planfri kryss	Vangen
						
3	38 A	Gang- og sykkelvegkulvert på ny Rv 13 ved Svelgane. Dette er uteglømt i nye planar for omlegging av Rv 13 ved grense mellom Voss kommune og Granvin kommune. Relativ kort avstand til tunnel og bomstasjon.	3-5 mill kr (inv)	Vegv.	Planfri kryss	Bjørgum
						
4	(Ny)	Ny kryssløsning på Rv 13 på Mønshaug ved "Enconkrysset". Har vært en del ulukker og nestenulukker her i det siste.	10 mill	Vegv.		Bjørgum
5	42 A A	GS-kulvertar ved Skulestad skule og ved Nedkvitnesvegen må på plass så snart tiltak med ny veg gjennomførast i Skulestadmoen.	15-30 mill? (inv)	Vegv	Planfri kryss	Skulestmo
6	40 A	Betre kryssing over Rv 13 frå Tvillemoen til Tvilde/Vasslia. Kryssingspunktet vert nytta av barnehageborn frå Tvilde og kryssinga her vil vere viktig for samanhengande sykkelnett. Mellombels løysing er å opne	25.000 (str) 15 mill kr.	Vegv Vegv	Planfri kryss	Vangen
						

		rekkverk nærmare brua På sikt gangveg over/under eksisterande veg.				
7	65 A	Etablere gang- og sykkelveg mellom brua i Brynagjelet og til jernbaneundergang på Bryn. Må fyllast ut betydelege mengder med fyllmassar. Fyllmassar frå Vangstunnelen. Vil vere ei strekning i eit samanhengjande hovudnett for gang- og sykkelveg-systemet til Vangen sentrum. Løysinga føreset at det vert etablert gs-veg gjennom nytt bustadfelt på Brynamoen. Det er føreset at kommunen går inn med midlar i prosjektet.	1 mill +1 mill (mellom Brynagjelet og jernb.brua) +4 mill gjennom planl. bustadfelt (inv)	Vegv/ komm	Gang- og sykkelveg	Palmafoss
						
8	64 A	Etablering av gang- og sykkelveg på utsida av Rv 13 mellom undergang under Rv 13 ved Voss Handelshus og Brynagjelet. Gs-vegen leggjast på utsida av riksvegen på utsprengd fjellhulle.	10 mill (inv)	Vegv	Gang- og sykkelveg	Palmafoss
						
9	51 A	Vegvesenet har vurdert framlegg til nedsett fart osv. forbi Sundve skule. Skulen får ikkje tilslutnad for tiltaka. Ein vil i staden føreslå at det setjast opp skilt "Skuleborn". Vidare at det setjast opp lys som i skuletida blinkar og varslar om skuleborn. På sikt må ein her få til planfri kryssing til skulen.	500.000 (inv)	Vegv		
						
10	97 A	Sikt i krysset i Lundarosen er dårleg for køyrande frå Vangen og som skal opp Strandavegen. Tiltak vil vere å justerar inn rekkverket mot gang- og sykkelvegen og legge avkøyringsfil lengar inn mot gangvegen (det er nok areal).	250.000 (inv)	Vegv	Anna	Vangen
						
11	111 A	Betre kryssløysing på Sverresplass ved opparbeiding av gatesystemet .	15 mill (inv)	Vegv	Rundkøyring ?	Vangen
12	46	30 eller 40-sone på Vangen.			Fartsregulering	Vangen

	A	Skal vurderast/ gjennomførast ved ferdiggjering av Vangstunnelen	200.000 (inv)	Vegv		
13	74 A	GS-veg mellom Haugsvik og Stalheim, i første omgang samanhengande i Haugsvik. Det er her mange vegstubbar som kan syast saman og leggjast på same side av europavegen.	5 mill (inv)	Vegv	Gang- og sykkelveg	
14	101 A	For krinsen i Skulestadmo er gang- og sykkelveg frå Eenssmia til Løno viktig. Dette må løysast i ny reguleringsplan for strekninga. Reguleringsplan	2 mill (inv)	Vegv	Planarbeid 	Skulestadmo
15	A	Vurdere å redusere fartsgrense mellom Løne og Oppheim Det er mange påkjørsler – utforkøyring- nestenulukker.		Vegv	Skilting	E16/Rv13
16	A	Utforme busshaldeplassar på E16 slik at desse tilfredsstillar vegnormalen. Vurdere oppsett av buss-skur, spesielt der det er skuleelevar.				
17	A	Betre lys i tunnelar i kommunen, spesielt på E16		Vegv	Veglys	Heile kommunen
18	A	Betre avkøyring til rasteplassar og avkøyring frå hovudvegane		Vegv	Anna	Langs E16 og Rv13
19	A	Etablere midtdelar på E16 og Rv13		Vegv	Anna	Langs E16 og Rv13
20	A	Rassikring i Nærøydalen		Vegv	Rassikring	E16
21		Rassikring fleire plassar langs Rv13 og E16		Vegv	Rassikring	E16/Rv13
22		Kontroll av tverrfall gjennom kurvar på E16. Der dette ikkje er i samsvar med vegnormalen, bør ein sette ned fartsgrensa.		Vegv	Anna	
23	A	Betre forvarsling av rasteplassar langs riks- og europavegane. Det vil då vere lettare å planleggja kvile.		Vegv	Skilting	E16/Rv13
24	A	Etablere fleire faste kvileplassar for langtransportørar og personbilførarar.		Vegv	Anna	E16/Rv13
25	A	Breiare midtfelt med doble skiljelinjer evt sinusfelt		Vegv	Anna	E16/Rv13
26	A	Utbetre kurvane, slake ut dei krappaste kurvane		Vegv	Anna	E16/Rv13

27	A	Auke breidd av vegskuldar		Vegv	Anna	E16/Rv13
28	A	Betre sikt gjennom kurvar		Vegv	Anna	E16/Rv13
29	A	Sikre sideareal slik at utforkøyring skjer med mindre skadeomfang		Vegv	Anna	E16/Rv13
30		Kontroll av friksjon på hovudvegane. Vurdere bruk av anna slitelag.				

Kommunevegar

Prioritet	Ref.nr	Tekst	Kostn. Est.	Ansvar	Type tiltak	område
1	39 A	Gang og sykkelkulvert i Ringheimsvegen under jernbane. Tiltaket gjennomførast av vegvesenet, men kommunen deltek med kr 500.000 i finansiering, sjå prioritering nr 1 på fylkesvegane.	3,5 mill + 0,5 mill = 4 mill (inv) (Kostn er usikre, kan vere opp mot 8 mill kr)	Vegv/ Komm	Planfri kryss	Vangen
						
2	65 A	Etablere gang- og sykkelveg mellom brua i Brynagjelet og til jernbaneundergang på Bryn. Må fyllast ut betydelege mengder med fyllmassar. Kan knyte gang- og sykkelveg- systemet til Vangen sentrum. Tiltaket treng reguleringsplan som kommunen kan stå for. I tillegg er tiltaket viktig for kommunen og ein føreslår at kommunen deltek i prosjektet.	1 mill +1 mill (inv)	Vegv/ komm	Gang- og sykkelveg	Palmafoss
						
3	108 A	Etablerar ny snuplass innanfor grense til Vethe barnehage, evt utanfor om grunneigar godtar dette. Plass til 5-6 bilar + snuområde. Kommunal veg vert avslutta ca 50-60 meter før ein kjem inn til noverande tun. Tiltaket vart ønskt for å betre trafikktryggleik ved henting og bringing av born.	150.000 (inv)	Komm	Anna	Bulken
4	120 A	Fortau gjennom Lekvemoen retning Vangen skule. Fortauet vil liggje på skulevegen for elevar til Vangen skule og til gymnasiet. Naturleg å opparbeide dette i samband med	500.000	Komm	Fortau	Vangen

		etablering av ny verksemd i kvartalet som ikkje er opparbeidd pr dd.				
5	117 A	Fortau med utbetring av veg ytre del av Gullfjordungsvegen. Tiltaket bør gjennomførast samstundes med at tunnelportalen gjerast ferdig i ytre del av Gullfjordungsvegen, hausten 2011.	2 mill	Komm	Fortau	Gullfjordungen
6	95 A	Finne ny plassering for drosjene som no er på Hestavangen. Tiltaket er ønskt på grunn av mange skuleborn og uryddig trafikkbilete. Ein vil be om utgreiing av problemet og at ein på kort sikt løyser litt av dei trafikale problem med å endre på parkering og køyremønster på Hestavangen sør. Ei gruppe bør sjå på dette og tilrå tiltak. Finne ny lokalisering for drosjene på sikt.	500.000 (inv)	Komm	Anna	Vangen
7	63 A	Heve eksisterande gangveg i Bjørgemarka der denne går inn mot skulen. Eit parti av gs-vegen ligg her lågt i høve til køyrevegen.	300.000 (inv)	Komm	Gangveg	Bjørgum
8	146 A	Vegrekkverk manglar langs Sivlevegen i kryss med Raugstadvegen.	50.000	Komm	Rekkverk	Gullfj
9	118 A	Fortau med utbetring av veg Gullfjordungsvegen mellom Vangen og Hangursvegen.	6 mill	Komm	Fortau	Gullfjordungen
10	119 A	Fortau med utbetring av veg i Hangursvegen. Reguleringsplan ferdig her.	2 mill	Komm	Fortau	Gullfjordungen
11	112 A	Etablere einvegsveg gjennom Vangsgata med fil for sykkel. Tiltaket har samanheng med hovudnett for gang- og sykkelveg.	200.000	Komm	Skilt/merking	Vangen
12	113 A	Etablere gang- og sykkelveg gjennom Vangsgata forbi kyrkja. Tiltaket ligg på fylkesvegen, men kommunen bør her delta med finansiering.	1 mill	Komm	Gang- og sykkelveg	Vangen
13	122 A	Trafikksikring Sverresbakken Sykkelsperre/fortauskant? Hindre unødig køyring i Sverresbakken.	100.000	Komm	Fortau	Vangen
14	115 A	Etablere visningsskilt for alle brukte sykkelruter i kommunen. Samarbeid med vegvesenet der kommunen deltek med kr 50.000	150.000 + 50.000	Vegv/Komm	Skilt	Heile kommunen
15		Rassikring av Jordalsvegen, evt ny tunnel	?	Kommunen + evt andre	Rassikring	Jordalen
16		Større parkeringsområde ved Palmafossen skule		Komm	Parkering	Palmafossen
17		Flytte kryss mellom Rv13 og Brynalii nærmare Vangen, slik at ein får betre stigningstilhøve i	2 mill	Komm/Vegv	Vegutbedr	Palmafossen

		Brynalii.				
18		Siktrydding i kryss og i kurvar		Komm	Anna	Kommunen
19		Betre vedlikehald		Komm	Anna	Kommunen
		Standardheving på dei kommunale vegane		Komm	Anna	Kommunen
21		Betre lys på dei mest trafikkerte vegane		Komm	Anna	Kommunen
22		Vurdere nedsett fart på dei vegane der ein har blanding av mjuke og harde trafikkantar		Komm	Anna	Kommunen

.
.
.

6.2 **PRIORITERTE STRAKSTILTAK**

Dei nedanfor nemnde strakstiltaka er i hovudsak framkome etter ønskje frå publikum.


Strakstiltaka vart som investeringstiltaka katalogisert i A-, B- og C-tiltak der ein har vurdert A som høgst prioritert og B nest høgst prioritert. Då ein prioriterte tiltaka, visste ein ikkje om alle prosjekta kunne kome med på den endelege lista over tiltak ein kunne gjennomføre i perioden. Då totalkostnadene for alle ønskjene er ca 2 mill kroner, ser ein det som realistisk å få alle tiltaka på kommunale vegar (A-, B- og C-tiltaka) gjennomført i perioden. Dei tiltaka som er på kommunale vegar og er med på lista er kostnadsrekna samla til ca 1,5 mill kr der kostnader knytt til A-tiltak på kommunale vegar er berekna til ca 660.000, B-tiltaka til ca 630.000 og C-tiltaka på kommunale vegar er rekna til ca 300.000. Ein føreset at alle tiltaka skal gjennomførast innan 3-5 år.

I tillegg til at ein gjennomfører tiltaka i strakslista, bør ein over budsjettet løyve midlar utover dette slik at ein kan løyse andre viktige trafikksikringsprosjekt i perioden. Administrasjonen vil derfor tilrå at det løyvast kr 600.000 kvart år i 4 år der det årleg vert øyremerkt 500.000 til strakstiltak i tråd med planen og inntil 100.000 kan nyttast meir fritt til prosjekt som dukkar opp i perioden.

Av prosjekta under ser ein at kommunen står oppført som ansvarleg for oppføring av veglys, både på kommunale vegar og på fylkesvegar. Etter den nye reforma innan vegsektoren, er det sannsynleg at prosjekta på fylkesvegane må finansierast av fylket.

Ref.nr	Tekst	Est.kos tn.	Ansv.	Type tiltak	Skulekrins
1 A	For at ein skal få samanhengjande veglys langs Bordalsvegen, kan ein setje opp veglys i eksisterande stolpar. Olde: 6 pkt Himle 11 pkt Haug 10 pkt. I tillegg bør ein etablere veglys i samband med opprusting av vegen i Græssvingane og dette bør takast i samband med gjennomføring av prosjektet.	25.000 40.000 37.000 (strakst ilt)	Komm Komm Komm Vegv	Veglys	Bordalen
2 C	Veglys langs Opelandsvegen til skulen. Evt i eksist. stolpar	Lite stolpar, 50.000 (str)	Komm	Veglys	Bjørgum
3 A	Veglys på snarveg mellom Opelandsvegen og skulen over privat område. I første omgang bør kommunen kunne gje tilskot til oppsett av stolpar og lys, ca 5 stk.	60.000 (str)	Komm	Veglys	Bjørgum
4 C	Veglys langs Opelandsvegen frå Stolsbrua til Fennavegen. Setjast opp i eksisterande stolpar, 5 stk	20.000 (str)	Komm	Veglys	Bjørgum
5 B	Må ha ny stolpe og trekke leidning til nytt lyspunkt på nedre Kyte.	12.000 (str)	komm	Veglys	Kløve
6 C	På strekninga frå Repålshøgden og mot skulen bør ein sette opp fleire veglys i eksisterande stolpar, ca 10 stk	45.000 (str)	komm	Veglys	Kløve
7 A	Ved nedre Graue manglar 2 lys i stolpar.	8.000 (str)	komm	Veglys	Kløve
8 B	Veglysprosjekt Almelandsvegen, Nordheimsvegen, Nedkvitnesvegen. Setter her opp på ca 10 busshaldeplasser i krinsen. 1 pkt på Hefte	50.000 (str)	Komm	Veglys	Skulestmo
9 A	Veglys: Vinjedalen ved Lilletun 2 stolpar pluss lys:	25.000 (str)	Vegv	Veglys	Sundve
10 C	Veglys mellom hotellet på Oppheim og avkjørsle 1 km lenger nord, 30 pkt. Må takast i fleire omganger.	350.000 (inv?)	Vegv	Veglys	Oppheim
11 A	Veglys ved avkjørsle til Jordalen pluss 2 lys ved rasteplass:	50.000 (str)	Vegv		Oppheim



	Sende brev til vegvesenet om dette.				
8 B	Veglyys ved avkjørsle til Løen:	10.000 (str)	Vegv		Oppheim
12 C	På siste flaten inn mot Myrkdalen sentrum er det ca 10 stolpar som ein kan setje lys i.	40.000 (str)	Vegv	Veglyys	Myrkdalen
14 A	Veglyys i krysset til Nesheim, 2 pkt inkl stolpe. Må strekke kabel.	30.000 (str)	komm	Veglyys	Myrkdalen
15 A	Sette opp ekstra lys ved kryssing mellom Kroken og skulen ved riksvegen.	25.000 (str)	Vegv	Veglyys	Sundve
16 A	I Hordviki ny stolpe i kryss	10.000 (str)	Komm	Veglyys	Bolstad
17 C	2 pkt langs vegen i eksist stolpar til Hordvik.	10.000 (str)	Komm	Veglyys	Bolstad
18 A	I Kupedalen 1 lyspunkt i eksist stolpe i kryss.	5.000 (str)	Komm	Veglyys	Bolstad
19 B	Langs veg til Horvei er det 11 stopar som det kan setjast lys i.	40.000 (str)	Komm	Veglyys	Bolstad
21 B	Setjer opp veglyys etter intern prioritering ved busstopper.	75.000 (str)	Komm	Veglyys	Bulken
22 B	Her må setjast opp ny stolpe i krysset opp til Helgavangen	15.000 (str)	Komm	Veglyys	Gjernes
23 B	Ved skulen setjast det opp ei stål-lysmast i hjørne av snuplass. Må ha grøft for leidning.	20.000 (str)	Komm	Veglyys	Gjernes
24 B	Lys er etablert i Hangursvegen. 2 nye fartshumpar	35.000 (str)	Komm	Veglyys	Gullfjord
30 A	Nytt rekkverk på gangbru ved Melsvatnet	15.000 (str)	Komm	Rekkverk	Skulestmo
34 A	Laust rekkverk på Bolstadbrua reparerast evt flytte rekkverk på nordaust til murkant mot elva. 	20.000 (str)	Komm/Privat	Rekkverk	Bolstad
35 A	På Kvernhusbrua er rekkverket heilt laust og trafikkfarleg. Skiftast	30.000 (str)	Komm	Rekkverk	Bolstad
36 A	Ber om 50 km/t på flaten på Bjørgum på Rv 13.	30.000 (str)	Vegv.	Fartsregulering	Bjørgum
40 A	Betre kryssing av Rv 13 frå Tvildemoen til Tvildesåsen. Mellombels ved å opne rekkverk nærmare bru På sikt gangveg over/under eksisterande veg.	25.000 (str) ???000 (inv)	Vegv Vegv	Planfri kryss	Vangen (sjå investering)
43 B	Etablere 2-3 fartshumpar på Opeland ved avkjørsle til Opelandshaugen.	40.000	Komm	Fartsregulering	Bjørgum

		(str)			
44 A	Etablering av ekstra fartsdempar Tjukkebygdsvegen foran skulen nærmare riksvegen på grunn av at fotgjengarfelt er i dag første fartshinder. Bør redusere fart for dette.	35.000 (str)	Vegv	Fartsregulerin g	Palmafoss
45 A	Fartsdemparar ved fotgjengarfelt i Brynalii der gangveg kjem ned, samt nedsett fartsgrense.	50.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Palmafoss
47 A	Fartsregulering forbi Voss barnehage gjennomførast med 3 fartsdemparar og skilting. Tilsvarande ved Tvildemoen barnehage.	65.000 (str) 40.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Vangen
48 B	4 farthumpar i Dugstadfossen	60.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Skulestmo
49	4 farthumpar i Melsvegen	60.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Skulestmo
52 A	Vurdere om flytting av 60-sone skilt i Haugsvik	10.000 (str)	Vegv	Fartsregulerin g	Oppheim
53 B	Det bør vere 30-sone forbi skulen kombinert med humpar, 3 stk. Gjerde bør takast av Voss Bygg og Eigedom. Anna budsjett. Buskas i samband med vedlikehald.	60.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Oppheim
54 A	Fartsregulering til 60 km/t mellom Nesheimshagane og Bygd bru	20.000 (str)	Vegv	Fartsregulerin g	Myrkdalen
56 A	Speil er evt eit privat tiltak. Vurdere om det kan setjast opp skilt før svingen om farleg kryss.	10.000 (straks)	Vegv.	Speil	Evanger
58 B	Tilrår fartshump i start av Raugstadvegen	20.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Gullfjord
59 C	Reperasjon av fartshump på topp av Sivlevegen takast ved høve	5.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Gullfjord
60 A	Det vert etablert i samband med oppgradering av vegen i 2010.	20.000 (str)	Komm	Fartsregulerin g	Gullfjord
61 B	Sikt i kryss mellom Sivlevegen Hamrane er dårleg og det bør setjast speil i mur oppside veg. Ein hump midt i veg ved nr 4.	20.000 (str) 15.000 (str)	Komm Komm	Fartsregulerin g	Gullfjord
66 A	Opparbeide gangveg frå fotgjengarfelt i Brynalii (jf tiltak 45, humpar og nedsett fart på same stad) over privat område. Føreligg avtale med grunneigar Masseutskifting og grusing ca 150 meter.	100.00 0 (straks)	komm	Gang- og sykkelveg	Palmafossen
79 A	Skilte omkøyring om Brynalii på grunn av høgdebegrensing under jernbane på Bryn. Vegvesenet har planar om dette	30.000 (str)	Vegv.	Skilt	Palmafossen
80 A	Ber om skilt ved innkøyring til Vangen skule. Setjer her opp innkøyring forbode med underskilt om tidsavgrensing og unntak	10.000 (str)	Komm	Skilt	Vangen
81	På opparbeidd utviding av E16 på "Krokensida" ved Sundve skule som				Sundve

A	fungerar som gangveg/fortau for elevar vert nytta av trailarar som kvileplass. Her bør ein sette opp skilt om parkering forbode. I tillegg skal vegvesenet sette opp rekkverk mellom gangareal og veg.	5.000 (str) + 20.000	Vegv	Skilt Rekkverk	
82 B	Det vert sett opp parkering forbode-skilt i Finnesvegen ved nr 64. Vil ikkje tilrå fartshup. Vedlikehaldet ser på siktproblem.	10.000 (str)	Komm	Skilt	Gullfjord
83 B	Blindvegskilt i kryss mellom Eskelandsvegen og Lydvavegen vert sett opp då det er ein del feilkøyring inn Lydvavegen	10.000 (str)	Komm	Skilt	Gullfjord
84 B	Fjerne sikthinder (fjell) vis a vis kryss mellom Fennavegen og Tjørnahaugane	100.000 (str)	Vegv	Siktutbetring	Bjørgum
87 C	Fotgjengarfelt over Brynalii og over Tjukkebygdvegen. Ved Brynalii i kryss med Liavegen må fortau forlengast inn i Brynalii for å få til god kryssing. Eksist kryssing flyttast På Palmafossen ved Kiwi.	70.000 (str)	Komm	Fotgjengarfelt	Palmafossen
88 A	Vegvesenet skal vurdere om mogeleg kryssing av Tjukkebygdvegen mellom Voss Møbel og Tre og Kiwi nær riksvegen.	50.000 (straks)	Vegv.	Fotgjengarfelt	Palmafossen
90 B	Ved Lundhaugen barnehage bør fotgjengarfelt plasserast ca 20 meter over kryss med Sverresbakken. Inneber ca 20-30 meter med fortau. Vurdere fartsbegrensing.	60.000 (str)	Vegv	Fotgjengarfelt	Vangen
91 A	Ein må vurdere gangfelt på begge sidar av krysset mellom Sivlevegen og Ringheimsvegen. Først oppside kryss. Evaluerast.	30-60.000 (str)	Vegv	Fotgjengarfelt	Vangen
92 A	Gangfelt ved Trafo nedst i Skulestadvegen ved blokkane flyttast. Det må etablerast fartshump, flytte skilt og opphøyd gangfelt.	50.000 (str)	Komm	Gangfelt	Skulestmo
98 A	I staden for tosidig parkering av bussar, vil ein oppmode om at det vert nytta mindre bussar. Brev til Skys om dette.		Komm	Anna	Sundve
99 A	Klage på at det vert strødd for seint om morgenen. Ein bør revurdere om tidspunkt for start av strøing kan starte tidlegare på morgonen. Politisk sak.	-	Komm	Anna	Bulken
104 B	Langs Hernesvegen er eit parti der mykje is samlar seg oppside veg. Ein etablerar fjellboltar som sikrar at is ikkje kjem ned i vegen. Vurdere om det er nødvendig med meir sikring i tunnel.	20.000 (straks)	Komm	Rassikring	Evanger
105 B	Ved berget ved Rongen er det lause blokkar som er ustabile og kan kome ned i vegen. På kort sikt bør ein etablere vegggrøft mellom veg og fjellet som vil hindre at stein fell inn i vegen. Avklare eigedomstilhøva.	25.000 (str)	Komm	Rassikring	Bolstad

107 A	Barnehage på Vethe får strøkassestyr på snuplassen	3.000 (str)	Komm	Strøkasse	Bulken
110A	Bygging av trapp mellom Osavegen og Nedre Mølster	100.000 (str)	Priv/ Komm	Anna	Vangen
111	Veglys på strekninga mellom E16 til Kvarme må takast etappevis på grunn av lengda.	100.000	Kommunen	Veglys	Sundve
112	Fartsdempar med nødvendige skilt, 2 stk	20.000	Kommunen	Fartsregulering	Bjørgum
113	Farthumparar i Dugstadvossen ved nr 31,35 og 39.	50.000	Kommunen	Fartsregulering	Skulestadmo
114	Utbetringar i jernbaneundergang i Ringheimsvegen. Strøing, fylling av vanddammer med asfalt ets.	10.000	Vegvesenet	Anna	Vangen
115	Farthumpar og evt flytting av skilt i Nyresbaret slik at desse blir meir synlege.	35.000	Kommunen	Fartsregulering	Vangen
116	For stor fart i Sivlevegen medfører fare for dei mjuke trafikantane. Ber om at det vert gjennomført tiltak, eks fleire farthumpar, fleire påminningsskilt om fartsgrense.	40.000	Kommunen	Fartsregulering	Gullfjordungen
117	Veglys gjennom gardstun, Øvsthus	20.000	Kommunen	Veglys	Skulestadmo
118	Fleire politikontrollar som sjekkar bruk av bilbelte og mobiltelefon.		Politi	Anna	Heile kommunen
119	Betre vidlikehald av dei kvite kantlinjene og dei gule midtstripene på riks- og europavegane.		Vegvesenet	Anna	Heile kommunen
120	Betre vidlikehald av refleks-stolpar på riks- og europavegane		Vegvesenet	Anna	Heile kommunen
121	Hindre gjennomkøyring gjennom Rongsbakken og Kleivi der det er forbodskilta. – Vurdere ny skilting evt fysisk sperre.	50.000	Kommunen		Vangen
122	Mellombels utbetring av fortau i undergang i Ringheimsvegen. Tiltak bør vurderast dersom gangkulvert vert utsett, jf prioritet 1 (Fylkesvegar) i investeringsprosjekt.	10.000	Vegv		Vangen
123	Betre vedlikehald av merking i gangfelt.	50.000	Komm/vegv.		Heile kommunen
124	Veglys på Hefte. Ved avkjørsle til Vetlevatnet på fylkesvegen	50.000	Komm/vegv.	Veglys	Skulestadmo
125	Tiltak for å hindre gjennomkøyring gjennom Hagebyen. Fleire humpar.	30.000	Komm	Fartsregulering	Vangen
126	Fotgjengarfelt over Strandavegen nær kryss med Lekvemogata.	50.000	Vegvesenet	Gangfelt	Vangen
127	Sette opp skilt som hindrer gjennomkøyring i vegen mellom Bjørke bru og Opelandsvegen.	10.000	Kommunen	Skilt	Bjørgum
128	Tiltak ved Palmafossen skule for å betre situasjonen ved levering og henting av born, skilting og omdirigere parkering til parkeringsplass ved klubbhus til Viljar.		Kommunen	Skilt	Palmafossen
129	Oppsett av vegrekkverk på Fv 309 overfor "Amerikakrysset" der det er hogd mykje skog, 150 meter	90.000	Vegv	Rekkverk	Skulestadmo

6.3 Oppsummering

Dei mest alvorlege skadane skjer på riksvegnettet i kommunen, særleg på E16. For å få størst mogleg effekt av tiltaka som bør setjast inn, så må ein i første omgang konsentrere seg om tiltak på hovudvegen retning Bergen. Det er openlyst at standarden på denne vegen ikkje er tilfredsstillande med den trafikkmengda som i dag går på vegen. Inntil ein får ei generell standardheving av denne vegen ser ein ikkje anna løysing enn at ein må redusere fartsgrensene langsmed denne vegen.

Når det gjeld trafikksikringsarbeidet elles i kommunen har ein i trafikksikringsplanen sterkt fokusert på at dei mjuke trafikantane skal vere trygge når dei ferdes i trafikken, enten i sentrum, på veg til arbeid eller skule.

